

SAMISK OPPLÆRING UNDER LK06-SAMISK

Analyse av læreplan og tidlige tiltak for implementering

av

**Karl Jan Solstad (Red.)
Mikkel Bongo
Leif Eriksen
Sidsel Germeten
Britt Kramvig
Kitt Lyngsnes
Vigdis Nygaard**

NF-rapport nr. 3/2009

ISBN-nr.: 978-82-7321-577-2

ISSN-nr.: 0805-4460

REFERANSESIDE

- Rapporten kan også bestilles via nf@nforsk.no

Tittel: Samisk opplæring under LK06-Samisk. Analyse av læreplan og tidlige tiltak for implementering.	Offentlig tilgjengelig: Ja	NF-rapport nr.: 3/2009
	ISBN nr. 978-82-7321-577-2	ISSN 0805-4460
	Ant. sider og bilag: 168	Dato: Mars 2009
Forfattere: Karl Jan Solstad (red.), Mikkel Bongo, Leif Eriksen, Sidsel Germeten, Britt Kramvig, Kitt Lyngsnes, Vigdis Nygaard	Prosjektansvarlig (sign): Karl Jan Solstad	
	Forskningsleder: Willy Lichtwarck	
Prosjekt: Evaluering av Kunnskapsløftet 2006 – Samisk.	Oppdragsgiver: Utdanningsdirektoratet.	
	Oppdragsgivers referanse Annette Qvam	
Sammendrag: Dette er den første delrapport fra prosjektet. Rapporten gir først en bred historisk og samfunnsfaglig gjennomgang av situasjonen for samisk skole, blant annet for å få fram hvor ulike vilkåra for implementering av en samisk læreplan er. Den andre hoveddelen av rapporten gir på grunnlag av intervju og dokumentstudier en første analyse av hvordan ulike aktører har lyktes med tilrettelegging og implementering av Kunnskapsløftet Samisk. Det blir lagt et <i>governance</i> -perspektiv på dette analysearbeidet. Endelig gir rapporten en analyse av selve Læreplanen for Kunnskapsløftet 2006 Samisk. Dette blir gjort med utgangspunkt i generelle læreplanteorier og gjennom sammenlikninger med L97S og den parallelle norske planen (LK06).	Emneord Læreplan, samisk skole, skolehistorie, urfolk, rettigheter, forvaltning, tospråklighet, lærebøker	
	Keywords Curriculum, Sami education, history of education, indigeneous people, rights, public administration, bilingualism, textbooks	
Andre rapporter innenfor samme forskningsprosjekt/program ved Nordlandsforskning	Salgspris NOK 150,-	

Nordlandsforskning utgir tre skriftserier, rapporter, arbeidsnotat og artikler/foredrag. Rapporter er hovedrapport for et avsluttet prosjekt, eller et avgrenset tema. Arbeidsnotat kan være foreløpige resultater fra prosjekter, statusrapporter og mindre utredninger og notat. Artikkel/foredragsserien kan inneholde foredrag, seminarpaper, artikler og innlegg som ikke er underlagt copyright rettigheter.

FORORD

Det arbeid som no blir lagt fram, er første delrapport frå prosjektet ”Evaluering av Kunnskapsløftet 2006 – Samisk” som igjen er eitt av prosjekta innan Utdanningsdirektoratet sitt program for evaluering av Kunnskapsløftet 2006.

Gjennomføringa av prosjektet skjer i eit samarbeid mellom ikkje mindre enn fire ulike fagmiljø; Nordlandsforskning i Bodø som ansvarleg prosjekt-koordinator, Norut Tromsø, Norut Alta og Høgskolen i Finnmark, òg lokalisert til Alta. Sidan oppstarten av prosjektet hausten 2007 har heile ni personar vore involverte i prosjektarbeidet. Den rapporten som no ligg føre, er skriva av Mikkel Bongo, Leif Eriksen og Sidsel Germeten ved Høgskolen i Finnmark, Vigdis Nygaard ved Norut Alta, Britt Kramvig ved Norut Tromsø og Kitt Lyngsnes og Karl Jan Solstad ved Nordlandsforskning. I tillegg har Anne Sofie Skogvold ved Nordlandsforskning stått for viktig koordinering.

Som bakgrunn for prosjektet, og som perspektiv på skole- og opplæring for samisk barn og ungdom, gir rapporten først ein gjennomgang av utviklinga frå dei første skoletiltaka ved Thomas von Westen tidleg på 1700-talet fram til dagens akseptering av samar som urfolk med rett til skole på eigne premisser. Etter nokre kommentar til den metodiske tilnærminga for denne evalueringa blir det i to større kapittel gjort greie for våre funn så langt i arbeidet. Det første av desse to kapitla ser på korleis nyare styringsstruktur og skoleeigarane si noko friare stilling har slege ut i forhold til å setje reforma ut i livet. Her blir det òg sett på effekten av ulike andre verkemiddel enn sjølve læreplanen for å fremje arbeidet for eit betre, meir likeverdig skoletilbod for samane i landet. Rapportens tredje hovudkapittel innleiar med å følgje dei første spora til samisk innhald i norske læreplanar fram til dei eigne samiske læreplanane i 1997 og no i 2006. Det blir så gjort greie for karakteristiske drag ved den nye planen, mellom anna ved samanlikningar med den samiske læreplanen frå 1997 og med den nye norske planen, før kapitlet til slutt går litt nærmare inn på fagplanane for dei to faga som vårt prosjekt særleg skal sjå på, nemleg samisk og samfunnsfag.

Vi vil takke alle informantar som har vore villige til å stille opp for intervju og samtalar i ein ofte kanskje alt for travel kvardag. Vi håpar at rapporten til gjengjeld vil kunne vere til litt hjelp og inspirasjon for alle dei som arbeider for ein best mogleg skole for samiske elevar og for dei samiske folkegruppene.

Bodø/Tromsø/Alta mars 2009

INNHOOLD

FORORD	1
SAMANDRAG	5
SUMMARY	10
1. BAKGRUNN - PERSPEKTIV - MÅL	15
1.1 INNLEIINGDE KOMMENTAR TIL EVALUERINGSARBEIDET	15
1.2 LIKEVERD OG LIKEVERDIG SKOLE	19
1.3 HISTORISK TILBAKEBLIKK - NORSK SKOLE FOR SAMISKE BARN	21
1.4 VIKTIGE DRIVKREFTER BAK FORNORSKINGSPOLITIKKEN	24
1.4.1 Nasjonal reising.....	24
1.4.2 Tryggleikspolitiske omsyn.....	25
1.4.3 Sosialdarwinisme.....	25
1.5 NYE TANKAR OM LIKEVERD OG SKOLE FOR MINORITETAR ETTER ANDRE VERDSKRIGEN	27
1.6 SAMISK LÆREPLAN - MANIFESTASJON AV EIT URFOLKS RETT TIL UTDANNING.....	32
1.7 UTFORMING OG IMPLEMENTERING AV SAMISK LÆREPLAN – SÆRLEGE UTFORDRINGAR	35
1.8 KORT SKISSERING AV EVALUERINGSPROSJEKTET	36
1.9 DEN VIDARE FRAMSTILLING.....	40
2. FORSKNINGSTILNÆRMING	41
2.1 INNLEDNING	41
2.2 EVALUERING AV EN SKOLEREFORM	42
2.3 KJENNETEGN VED DEN SAMISKE FORSKNINGSKONTEKSTEN.....	43
2.4 PLANLAGT DATAINNSAMLING	45
2.5 STATUS I DATAINNSAMLINGEN MARS 2009.....	46
2.6 INTERVJU SOM INTERSUBJEKTIVE KUNNSKAPSGENERERENDE PROSESSER	48
2.7 FORSKNINGSETISKE BETRAKTNINGER	50
3. IMPLEMENTERING AV LÆREPLAN FOR KUNNSKAPSLØFTET 2006 – SAMISK (LK06S) SETT FRA FORVALTNINGSNIVÅET	52
3.1 MÅLSETNING.....	52
3.2 SAMETINGETS ROLLE.....	52
3.3 TEORETISKE REFLEKSJONER OM STYRING	55
3.4 GRUNNLEGGENDE INTENSJONER MED KUNNSKAPSLØFTET	57
3.5 ERFARINGER FRA INNFORINGEN AV LÆREPLANVERKET FOR DEN 10-ÅRIGE GRUNNSKOLEN 1997 SAMISK - L97S	58
3.6 ERFARINGER FRA TILRETTELEGGING FOR IMPLEMENTERING AV LK06S	61
3.6.1 Fylkesmannens rolle	61

3.6.2 Skoleeiers rolle	69
Styret for de samiske videregående skolene.....	69
Regionalt nivå i forhold til de videregående skolene	72
Erfaringer fra kommunalt nivå innenfor forvaltningsområdet	76
Erfaringer fra kommuner utenfor det samiske forvaltningsområdet.....	85
3.7 OPPSUMMERING	92
4. LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET 2006 SAMISK (LK06S) – EN ANALYSE	94
4.1 ET HISTORISK TILBAKEBLIKK PÅ SAMISK I LÆREPLANER	94
4.1.1 De første sporene til samisk i norske læreplaner.....	94
4.1.2 Mønsterplan fra 1974 (M74)	97
4.1.3 Mønsterplan fra 1987 (M87)	99
4.1.4 Det samiske læreplanverket for den 10-årige grunnskolen fra 1997 Samisk (L97S)	100
4.1.5 Samisk i gymnas og videregående opplæring.....	103
4.1.6 Skolereformen av 1994 (R94).....	105
4.2 KUNNSKAPSLØFTET SAMISK (LK06S).....	108
4.2.1 Hva er den aktuelle læreplanssituasjonen i Norge?.....	108
4.2.2 Hvilke verktøy har vi til rådighet i en slik læreplananalyse?	109
4.2.3 Hva kjennetegner det nye Læreplanverket for Kunnskapsløftet?	112
Den generelle læreplanen.....	113
Prinsipper for opplæringen i Kunnskapsløftet – Samisk	115
Den samiske læringsplakaten	116
Læreplaner for fag i Kunnskapsløftet.....	119
4.2.4 Hva er forsterket i forhold til tilpasset opplæring og elevmedvirkning med reformen LK06 -S?.....	126
Om tilpasset opplæring	126
Om Programfag til valg/Udanningsvalg	128
Om 25 % lokalt innholdsvalg.....	128
Prosjekt til fordypning	129
4.2.5 Kunnskapsløftets variasjoner gjennom lokale læreplaner.....	130
4.3 LIKHETER OG FORSKJELLER MELLOM LK06S OG LK06.	131
4.4 OM PLANENE FOR SAMFUNNSFAG OG SAMISK SOM FØRSTESPRÅK.	132
4.5 LÆREMIDDELSITUASJON	139
4.6 NASJONALE FØRINGER.....	140
5. OPPSUMMERING	142
5.1 INNLEIING.....	142
5.2 FRÅ NORSK-DANSK MISJON TIL SAMISK OPPLÆRING	143
5.3 INNFØRING AV LK06S – AKTØRAR, ROLLER OG VERKEMIDDEL	146
5.4 LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET SAMISK – EIN FØRSTE ANALYSE.....	154
REFERANSAR.....	159

SAMANDRAG

Det overordna mål for prosjektet *Evaluering av Kunnskapsløftet 2006 – Samisk* er å finne ut om og i kor stor grad Kunnskapsløftet Samisk er til hjelp i arbeidet for likeverdig skole og opplæring for dei samiske folkegruppene i landet. Arbeidet er organisert i tre dels overlappende delprosjekt. Delprosjekt 1 konsentrerer seg om dei førebuingane som er gjort på ulike nivå for å leggje til rette for reforma, medan Delprosjekt 2 har i oppgåve å vurdere korleis og i kva grad dei ulike verkemidla, utanom sjølve læreplanen, har vore styrande for implementering av Kunnskapsløftet Samisk. Delprosjekt 3 tar for seg sjølve Læreplanen for Kunnskapsløftet Samisk (LK06S). Korleis blir planen tolka og set ut i livet av lærarane? I denne samanhengen høyrer det òg med å vurdere sjølve læreplanen.

Denne første rapporten frå prosjektet dekkjer tre tematiske område. For det første blir det i eit innleiingskapittel gitt ein brei historisk gjennomgang av norsk skolepolitikk overfor dei samiske folkegruppene frå dei første skoletiltaka på 1700-talet fram til dagens samiske læreplanar. Etter eit kort metodekapittel blir så dei tidlege funna i forhold til prosessen omkring implementeringa av Kunnskapsløftet Samisk lagt fram i eit større kapittel som presenterer empiri frå delprosjekta 1 og 2. Det tredje og siste hovudtemaet for denne første rapporteringa frå prosjektet gjeld Delprosjekt 3. Det dreiar seg først og fremst om ein analyse av sjølve læreplanen LK06S.

Historisk tilbakeblikk er viktig. For det første gjev det eit bakteppe for dei tiltaka som vi i dag ser for tilrettelegging av skole og opplæring for samiske elevgrupper. Vidare har ein slik rekapitulasjon vore nødvendig for utvikling av problemstillingar for denne evalueringa og ikkje minst for etter kvart å kunne tolke dei ulike reaksjonane som ein samisk læreplan, og tiltak for gjennomføring av denne, blir møtt med i ulike miljø, samiske som norske.

Likeverd og *likeverdig* er nye som omgrep i styringsdokument for skole og opplæring i Noreg. Likeverdsprinsippet inneber ikkje eit likt tilbod til alle, men eit tilbod som er *likeverdig* ved at opplæringa tar utgangspunkt der barna og dei unge står, noko som krev både *individuell tilpassing* og *lokalt mangfald*. Eit slikt ideal om ”likeverd” er i dag allment akseptert som rettesnor for skoletilbodet i landet

vårt. Men lenge var det slik at samane skulle tvingast inn i majoritetssamfunnets skole utan annan tilpassing enn bruk av samisk som hjelpespråk når dette var ”uomgjængelig fornodent”.

Ein viktig grunn for ei slik haldning var det synet som lenge rådde, at samisk religion, språk og kultur i det heile stod på eit lågare utviklingsnivå enn tilsvarande for majoriteten. Ei slik tolking fekk fram til midt på 1900-talet støtte frå den såkalla sosialdarwinismen. Vidare var det for ein ung og veik nasjon som Noreg viktig å gjere ”gode nordmenn” av samar og kvenar for å styrkje nasjonalkjensla og markere grensene nord i landet.

Mot slutten av 1900-talet kom viktige internasjonale konvensjonar om urfolk sine rettar og nasjonalstatane sine plikter overfor slike folk. Generell aksept av samane som urfolk bana veg for viktige samiske institusjonar som Sametinget og Samisk høgskole og for eigne samiske læreplanar med L97S som den første for grunnskolen og LK06S som den første for heile det 13-årige skolelaupet.

Denne oppvurdering av samisk språk og kultur som ulik, men likeverdig med, den norske, braut med haldningar og oppfatningar som hadde rådd grunnen over svært lang tid. Endringar av slike haldningar skjer ikkje over natta, verken når det gjeld samar sin oppfatning av eigen kultur og eige språk eller av majoritetsbefolkninga sine vurderingar av samane og det samiske. Dette er forhold som kan verker inn så vel på val og utforming av tiltak som på reaksjonane på slike tiltak.

Jamvel om samane er aksepterte som *eitt* urfolk, dreiar det seg om dels svært ulike undergrupper med omsyn til busetting, næringsgrunnlag, språk og grad av assimilering i den norske majoritetskulturen. Dessutan blir det forvaltningsmessig operert med to kommunetypar, dei samiske forvaltningskommunane og så dei mange andre kommunane som det òg bur samar i. Alt dette er med på å komplisere omgrep som ’samisk’ og ’samisk skole’, og får konsekvensar for implementering, gjennomføring og evaluering av denne skolen.

Det andre tema som rapporten dekkjer, er sjølv ramma for implementeringa av læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006 Samisk (LK06S). Korleis har rollefordelinga og samspelet vore mellom dei sentrale, regionale og lokale aktørane under den førebuande fase for innføring av den nye læreplanen og i den tidlege

implementeringsfasen? Innanfor dette temaet har vi òg i nokon mon sett på kva andre verkemiddel utanom sjølve læreplanen - som lærebøker, kompetansetiltak og lokalt planarbeid – har hatt å seie for å få sett det nye læreplanverket ut i livet. Det empiriske grunnlaget for behandlinga av dette temaet er, forutan omfattande dokumentstudiar, semi-strukturerte intervju og samtalar med strategiske representantar for relevante institusjonar og organisasjonar.

Ansvar for implementeringa av LK06S kviler på tre ulike instansar; Sametinget med mellom anna ansvar for samiske læreplanar, fylkesmennene med tilsyns- og rettleiingsansvar overfor skoleeigarane som skal setje skoletilbodet ut livet. Grunna dette mangfald av aktørar, dels med noko overlappande oppgåver og styringsrett, har vi valt å leggje eit *governance*-perspektiv ("samstyrings-") på studiet av implementeringsprosessane.

Sametinget rapporterer om fleire uheldige forhold ved Kunnskapsløftet Samisk som sein avklaring av mandat, kompetansestrid med Utdanningsdirektoratet, for kort tid mellom ferdig plan og implementering, og rettleiingsoppgåver overfor skoledrivarane utan å ha instruksjonsrett.

Gjennom sine omfattande tilskotts-, tilsyns- og rettleiingsoppgåver har fylkesmennene registrert at beredskapen i kommunane for å stette rettane til samisk opplæring er dårlegare di lenger unna ein kjem dei tradisjonelle samiske busettingsområda. Mykje av samiskundervisninga utanfor forvaltningskommunane skjer gjennom fjernundervisning. Behovet for rettleiing overfor kommunane er her stort. Det blir innan fylkesmannsetaten dels sett på som problematisk at sentrale mål, visjonar og signal ikkje er tydelege nok og med det tolka ulikt med ulik praksis i kommunane som resultat.

Fylkesmennene i Finnmark, Troms og Nordland driv eit omfattande nettverksarbeid om temaet samisk opplæring, både horisontalt og vertikalt. Med sine mange oppgåver og roller blir fylkesmannen sentral i forhold til perspektivet om styring gjennom *governance*-prinsippet, noko som vil bli følgd opp i det vidare evalueringsarbeidet.

Dei tre nordnorske fylkeskommunane tar som skoleeigarar for vidaregåande opplæring oppgåvene i forhold til samiskopplæring på alvor. Medan dei aktuelle

finnmarksskolane har samisklærarar, går mykje av undervisninga ved skolar i Troms og Nordland som fjernundervisning frå Nordreisa vidaregåande skole. Tilskottsordninga blir dels sett på som eit problem. Eit anna problem er fråfall, særleg i Finnmark og særleg for elevar på yrkesfag.

Når det gjeld skoleeigarar for grunnskolen, femnar våre kasus om tre kommunar innan det samiske forvaltningsområdet, Karasjok, Tysfjord og Snåsa, og to utanfor, nemleg Alta og Tromsø. Forholda er svært ulike frå nordsamiske Karasjok til Tysfjord (lulesamisk) og Snåsa (sørsamisk) som begge er nye forvaltingskommunar og der dei samiske elevane er i klar minoritet, særleg i Snåsa. I desse to kommunane blir det vurdert som vanskeleg å møte ambisjonen om funksjonelt tospråklege elevar sidan samisk står svakt som heime- og daglegspråk.

I dei to store kommunane Alta og Tromsø utanfor det samiske forvaltningsområdet er det opplæring i samisk ved mange skolar og for mange elevar. I Alta er det lærarar ved dei enkelte skolane som står for undervisninga. Med få elevar og få timar for samisklæraren ved den enkelte skole, blir kompetansesituasjonen sårbar. Det blir gjort forsøk med samarbeid om samiskopplæringa mellom nærliggjande skolar. I Tromsø blir samiskopplæringa koordinert gjennom ein av skolane, medan opplæringa ved dei fleste andre skolane skjer ved omreisande lærar. Systemet verkar, men er krevjande med omsyn til koordinering. Det blir peika på ugunstige refusjonsordningar for kommunar utanfor forvaltningsområdet.

Det tredje temaet for denne rapporten er ei første evaluering av sjølve læreplanen. Eitt utgangspunkt for evaluering av LK06S er konklusjonen på evalueringa av L97S: Gode intensjonar, men liten realisme i forhold til vilkåra for gjennomføring. Vil LK06S kome heldigare ut? Analysane av LK06S baserer seg både på generelle modellar for læreplananalysar og på jamføringar av LK06S med sin forgjengar L97S og med den parallelle ”norske” planen LK06 basert på innhaldsanalysar av dei aktuelle læreplanane.

Den generelle delen av læreplanen, som er ført uendra vidare frå L97 og læreplanen for vidaregåande opplæring frå 1994 (R94), er identisk for LK06S og LK06, men for LK06S ligg den føre både på norsk og på samisk. Berre på éin stad i denne delen er det spesifikk referanse til det samiske. *Prinsipper for opplæringa i Kunnskapsløftet – Samisk* (PFO-S), som er vesentleg nedkorta i forhold til L97

(men ikkje jamført med R94 som heilt mangla denne delen), er stort sett ikkje anna enn presiseringar av Opplæringslova og av moment i den generelle delen av planen. *Læringsplakaten*, som er del av PSO-S, er identisk med den norske med unntak av eit første punkt som strekar under at opplæringa skal skje med basis i samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Med unntak av faga *samisk* og *duodji* skil heller ikkje planane for dei enkelte faga i LK06S seg særleg ut frå dei tilsvarande i LK06. I vårt evalueringsarbeid fokuserer vi på *samisk* og *samfunnsfag samisk*. Samisk som førstespråk, då med dei tre variantane nord-, lule- og sørsamisk, er i prinsippet å oppfatte som ein parallell til norsk i LK06. Planen gir stort rom for lokale val. Samfunnsfagsplanen i LK06S strekar under *Sapmi* som overnasjonalt omgrep og på faget si identitetsskapande rolle gjennom vekt på samisk kultur og samspel med lokale samiske samfunn. Det blir oppgåva for det vidare evalueringsarbeidet å finne ut i kva grad, og under kva for vilkår, skolane maktar å gjennomføre intensjonane så vel i læreplanen under eitt som i planane for dei to faga som evalueringa særleg skal sjå på.

SUMMARY

The principal aim of this evaluation of the implementation of the *2006 National Curriculum – Sami* (LK06S) is to determine the degree to which this new curriculum is helpful in the struggle for an equitable education for the various Sami groups in Norway. The evaluation is organized in three partly overlapping subprojects. Subproject 1 focuses on the preparations being made at different levels to pave the way for the curriculum reform, whereas Subproject 2 seeks to trace the impact of the various initiatives that are being taken to support the implementation of LK06S. Subproject 3 concentrates on the curriculum as such. How is LK06S interpreted and implemented by the teachers? An analysis of the actual curriculum document makes up a part of this subproject.

As the first report within this evaluation project, emphasis is given to provide a background to the current reform. The first part of the report, therefore, offers a broad outline of the history of Sami education since the first missionary school initiatives in the early 1700s up to the present days' Sami curricula. Second, provisional findings related to subprojects 1 and 2 are presented together in one chapter, whereas materials related to Subproject 3 make up the final part of this report.

A historical review is important. It provides a necessary background to understand the present day notion of a *Sami* education for Sami children and youngsters. Such a recapitulation has also been important for the detailed planning of this evaluation and, not the least, for our subsequent interpretations of the various reactions both Samis and other Norwegians to the Sami curriculum and the measures taken for its implementation.

Equity and *equitable* are new concepts in official documents guiding Norwegian education. The principle of equity does not imply equality or sameness in the education provision for all children, but rather an education which recognizes the actual characteristics of the children and young people, thus demanding *individual adaptation* as well as *local diversification*. The ideal of "equity", now generally accepted as a guiding rule, stands in stark contrast to the long standing praxis of forcing the education of the majority population on the Sami people with no other

modification than allowing the use of Sami as a supportive language for the youngest pupils when absolutely necessary.

An important precondition for such attitudes and praxis was the generally held belief among the majority population that the Sami religion, language and culture generally were inferior to those of the majority. Up to the mid 1900s this view also gained support from the social Darwinism. Furthermore, for a young and weak nation as Norway it was important to make “good Norwegians” of the Samis in order to strengthen national awareness and to safeguard the national borders in the very north of the country.

Towards the end of the 1900s weighty international conventions appeared stating the rights of indigenous peoples and the commitments on behalf of the national governments for fulfilling such obligations. The general acceptance in Norway of the Samis as an indigenous people paved the way for such institutions as the Sami Parliament and the Sami College as well as for specific Sami curricula, the first one for compulsory schooling in 1997 and then the LK06S for the 13 years of schooling including primary, lower and higher secondary education.

This upgrading of Sami language and culture as different from, but of equal value to (equitable with), those of the Norwegian majority population, made a brake with views and attitudes generally held among ethnic Norwegians and Samis alike over several hundred years. Changing such deeply rooted attitudes is not done overnight, neither regarding the ethnic Norwegians nor concerning the Samis perceptions of their own language and culture. Such deep set attitudes may influence the choice of measures and actions as well as reactions to them.

Although the Samis are accepted as *one* indigenous people, the Norwegian Samis consists of a number of subgroups according to geographical location, occupational structure, language and degree of assimilation into the Norwegian majority culture. Also formally the Samis belong to two types of municipalities. The majority of the Samis live in eight municipalities legally defined as Sami administered municipalities (Sami municipalities). A large minority, however, belongs to other municipalities. This kind of circumstances complicates such notions as “Sami” and “Sami school”, and most certainly influences the implementation and evaluation of such a school.

The second theme covered by this report, is the frame of implementation of LK06S. How has the division of labour been between the various agencies and levels involved in the preparation and early implementation of the curricular reform? The provision of new text books, the measures taken for competence building and possible curriculum planning at municipal and county level are other aspects that will be dealt with. The findings presented are based on document studies as well as on semi-structured interviews and conversations with strategic representatives for relevant institutions and organizations.

The responsibility for implementing the reform rests with three different agencies; the Sami Parliament, among other things being in charge of developing the Sami curriculum plans, the *fylkesmann* (chief state level representative at county level) which has an advisory and control function towards the municipalities and counties, the two agencies which actually run the primary and secondary schools respectively. This picture of several agencies having partly overlapping roles and responsibilities has caused the choice of a *governance* perspective on the study of the implementation processes.

The *fylkesmann*, who is also in charge of granting extra money for the Sami education, has noticed that the readiness among the municipalities and the counties for meeting the rights for an education according to the Sami curriculum (LK06S), is inversely proportional to the distance from the Sami core areas. The Sami language instruction outside the Sami municipalities is largely provided through distance education. There is a considerable need for advice and guidance among the non-Sami municipalities, especially those in southern part of the country incidentally having Sami pupils. The *fylkesmann* also notices that the central level aims, visions and signals are not always delivered in such a way that different interpretations, and thus also different praxis, are avoided.

The *fylkesmenn*, especially the ones of Finnmark, Troms and Nordland, are engaged in extensive networking on the theme of Sami education, horizontally as well as vertically. With his many responsibilities and roles the *fylkesmann* institution is central in the perspective of management according to the principle of *governance*, a perspective which will be followed up during the evaluation work ahead.

At the level of compulsory education altogether five cases were chosen, three within the group of “Sami municipalities” and two outside this group. The conditions from the one to the other of the “Sami municipalities” are very different from the North-sami Karasjok with a predominantly Sami population to the municipalities of Tysfjord (Lule-sami) and Snåsa (South-sami), which have both recently been defined as “Sami municipalities” and which, especially in the case of Snåsa, have Sami minority populations in the midst of Norwegian populations. In these latter municipalities it is seen as difficult to meet the ambition of the LK06S of developing among the pupils functionally bilingualism as the Sami language has a poor standing in the homes and the local communities.

The two municipalities included in this study which are not “Sami municipalities” are Alta and Tromsø. In these two big municipalities Sami education is provided in many schools and includes many pupils. In Alta each of these schools generally have a few Sami pupils. At each school one teacher has the responsibility for all the Sami teaching. This makes the provision quite vulnerable which is why cooperation between neighbouring schools to safeguard the provision is now being tried out. In the municipality of Tromsø the Sami education provision is coordinated by one of the schools, which also carry out the teaching in the other schools as visiting teachers. The system functions satisfactory, but is demanding in terms of coordination. Both of these municipalities claim that the arrangements for governmental refunding of the extra costs incurred by the Sami education provision are insufficient for municipalities not defined as “Sami municipalities”.

The third theme for the present report is an initial evaluation of the Sami curriculum as such. One point of departure for the evaluation of LK06S is the conclusion made by the researchers evaluating the previous Sami curriculum from 1997: Good intentions, but realism in terms of the conditions for implementing the curriculum is lacking. Will the LK06S fare any better? The evaluation is based on general models for curricular analyses and includes comparisons between LK06S and its predecessor from 1997 as well as the contemporary LK06 (the ordinary Norwegian 2006 curriculum).

The general part of the curriculum, which is unchanged from the previous 1997 curriculum, is identical for the LK06 and LK06S. There is only one specific reference to Sami issues in this part of the curriculum. The second part of the

curriculum, *Principles for Sami Education* (PSE), has been substantially shortened as compared with the previous plan. It does not comprise much more than specifications of points stated in the Education Act (1998) or made in the just mentioned general part of the curriculum. The principles stated as an introduction of the PSE are identical with those of the Norwegian version, except for one additional first point which underlines that the education provided shall be firmly based in Sami language, culture and community life.

With the exception of the subjects of *Sami* and *Duodji* (Sami art and craft) the various subject curricula do not differ much from those of LK06. We are in our evaluation focusing on *Sami* and *social science*. Sami as a first language, including the three Sami sub-languages of North-, Lule- and South-sami, are in principle seen as being parallel to the subject of Norwegian in LK06. The plan offers substantial room for local adaptations. The social science plan of LK06S emphasizes *Sapmi* as the whole Sami territory across Norway, Sweden, Finland and Russia and the role of the subject in developing a Sami identity through Sami culture and through the school working together with the local Sami community. Important tasks for the continuing evaluation work will be to determine the degree to which, and under what conditions, the schools are able to meet the intentions of the Sami curriculum as a whole, as well as those of the two subjects we are particularly concerned with for this evaluation.

1. BAKGRUNN - PERSPEKTIV - MÅL

Karl Jan Solstad

1.1 INNLEIIANDE KOMMENTAR TIL EVALUERINGSARBEIDET

Det overordna perspektivet for denne evalueringa er idéen om likeverdig skole. Som urfolk, ”etnisk gruppe” og minoritet har dei samiske folkegruppene innan det norske samfunn rett til ein likeverdig skole og ei likeverdig opplæring med basis i eigen kulturell og etnisk bakgrunn. Denne intensjonen er også sjølve grunnlaget for at det med Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen i 1997 for første gong kom ein eigen samisk læreplan (L97 Samisk), og at det no med Kunnskapsløftet også blir eit Kunnskapsløftet Samisk for det 13-årige skoleløpet. Sånn sett blir det grunnleggjande spørsmålet for dette evalueringsarbeidet: Fremjar Kunnskapsløftet Samisk idealet om likeverdig skole og likeverdig opplæring for dei samiske folkegruppene i Noreg?

Sjølvsagt vil eit evalueringsarbeid som dette ikkje kunne gje noko endeleg svar på eit så omfattande og krevjande spørsmål. I tillegg til dei vanskelege avklaringane som knyter seg til kva *likeverdig* skole og opplæring no eigenleg er, er heller ikkje omgrep som *samisk* og *samisk skole* utan vidare eintydige. Språkleg blir det i dag formelt operert med to variantar i tillegg til nordsamisk som den klart største gruppa, nemleg lulesamisk og sørsamisk. For alle desse gruppene finnest det alle grader av assimilering inn mot den språkleg og etnisk ”norske” folkesetnaden som dei samiske folkegruppene inngår i eller grensar opp til. Så kjem det reint formelle skiljet mellom samar innanfor og utanfor dei no i alt åtte samiske forvaltningskommunane; fem i Finnmark (nordsamisk) og ein i kvart av fylka Troms (nordsamisk), Nordland (lulesamisk) og Nord-Trøndelag (sørsamisk). Det er ikkje vanskeleg å sjå at ei evaluering av korleis ein samisk læreplan blir implementert og verkar overfor ei så samansett gruppe som ”samar i Noreg”, og som attpåtil er å finne i svært ulike administrative og geografiske kontekstar, må bli komplisert og utfordrande.

Har så ei forskningsbasert evaluering som det vi her siktar mot, noko for seg i det heile? Kan vi gjennom eit systematisk evalueringsarbeid i eit så komplisert felt som

det her dreiar seg om, vente oss resultat som kan hjelpe det nasjonale samfunn, samiske institusjonar, skoleeigarar og lærarar i arbeidet for ein meir likeverdig samisk skole? Om vi ventar oss presise forskingsresultat som gir klare utsegner om korleis tiltak verkar eller ikkje verkar, eller om kva for konkrete åtgjerder som må setjast inn for at måloppnåinga skal bli betre, vil truleg svaret måtte bli ”nei”.

Eit visst måtehald i forventningane til kva som kan kome ut av evalueringsarbeid, om det måtte vere aldri så godt ut frå kvalitative krav til god forskning, er elles ikkje mykje ulikt det som gjeld skoleforskning eller pedagogisk forskning generelt. Vi kan nok seie at den type evalueringsforskning som det her dreiar seg om, svarar til den karakteristikk som den britiske skolefilosofen John Wilson (1972: 7) ein gong gav av (empirisk) pedagogisk forskning generelt, nemleg at ho ”characteristically [is] normative in the simple sense that it is not just research in what is the case, but research in how to make what is the case more like what ought to be the case”. Men, igjen, dei som ut frå slik forskning ventar seg presise tilvisingar om kva for tiltak, teknikkar eller materielle nyvinningar som skal til for å gjere skolen betre, vil måtte bli skuffa. Som Halsey (1972) formulerte seg, det forkinga kan gje, ”is an aid to intelligent decision-making, not a substitute for it”. Med det svært så komplekse forskingsfeltet som vi i dette evalueringsarbeidet har å gjere med, er det særleg viktig å ha denne typen reservasjonar i friskt minne. Likevel, vi har tru på at evalueringsarbeidet vil vere til hjelp for å gjere gode, intelligente val i det vidare arbeidet for meir likeverdige skole- og utdanningstilbod for den samiske folkesetnaden i landet.

Denne aktuelle evalueringsoppgåva er spesiell. Det gjeld implementering av ein nasjonal læreplanvariant eller reform særskild utarbeidd for ein kulturell og språkleg minoritet, i dette tilfelle eit urfolk. Meir vanleg har det vore at pedagogisk forskning eller evalueringsarbeid overfor minoritetar har dreidd seg om å studere konsekvensane av at generelle nasjonale læreplanar og skolesystem blir implementerte overfor urfolksgrupper som indianarar og inuittar i Nord-Amerika (Wax *et al.* 1964, Barnardt 1974) eller samer i Norge (Hoëm 1968, 1976, Håland 1977, Øzerk 1996). Etter som dette med ein eigen læreplan for dei samiske folkegruppene er nytt (med L97S) i Noreg, og eineståande i Norden, og ettersom vi ikkje har kunna identifisere tilsvarende opplegg i andre land, ligg det ikkje føre mykje evalueringsforskning som er direkte parallelt til det arbeid som vi no er i gang med.

Det vi står igjen med, er først og fremst evalueringa av L97S innan Program for evaluering av Reform 97 under Noregs forskingsråd (Hirvonen, red. 2004, Hirvonen og Keskitalo 2004, Todal 2004). I tillegg blei det gjennomført ei mindre omfattande evaluering av eit utviklingsarbeid med sikte på å leggje til rette for L97S overfor enkeltelevar eller smågrupper av sørsamiske elevar ved elles ”norske” skolar (Nilsen og Solstad 2002, Rønning 2005). Vidare er det for den samiske forvaltningskommunen Kåfjord i Troms gjennomført ei evaluering av verknader av tre samepolitiske tiltak for samfunnsutviklinga i kommunen. Dei aktuelle tiltaka var samelovens språkreglar (gjort gjeldande for Kåfjord frå 1992), Samisk utviklingsfond (gjort gjeldande for heile Kåfjord kommune i 1998) og, i vår samanheng viktigast, den første samiske læreplanen (L97S) (Pedersen og Høgmo 2004). Ei masteroppgåve ved Universitetet i Tromsø tar for seg utviklinga innan skole og oppvekst i Tysfjord kommune etter at kommunen blei ein del av forvaltningsområdet for samisk språk og etter implementering av Kunnskapsløftet Samisk (Skoglund Sæter 2008). Vi vil trekke vekslar på alle desse arbeida der dei naturleg fell inn i forhold til våre problemstillingar.

No er det sjølvsagt ikkje slik at berre den forskinga som gjeld implementering av samiske læreplanar for samar i Noreg, er relevant og interessant for eit evalueringsarbeid som dette. I utgangspunktet kan all forskning som gjeld endring og endringsstrategiar i skolen (og mange andre organisasjonar) kunne vere relevant for nærverande evaluering. Vi har i tidlegare arbeid (Solstad 1997) gått gjennom ein omfattande litteratur på dette feltet. Ein noko nedslåande hovudkonklusjon på grunnlag av ein slik gjennomgang av tidlegare forskning over planlagde endringar i skolens arbeid kan vi formulere slik: Nye reformer, nye lovar, nye læreplanar, nytt undervisningsmateriell, nye kompetansehevingsprogram etc. som er utvikla og sett ut i livet for å fremme, helst sikre, bestemte praksisendringar og resultatforbetringar i skolen, gir i regelen ingen garanti for at dei ønska endringane i praksisfeltet skjer, og iallfall ikkje at dei skjer overalt i praksisfeltet, eller i den grad det etter intensjonane var ønskeleg.

Det er nok ofte slik Galton (1995: 20) peikar på i ei evaluering av reformstrevet i Storbritannia etter innføringa av nasjonale læreplanar i 1988 at ”... *within teaching there is a tendency to resist making changes to existing classroom practice when it appears to be working moderately well*”. Røynsler både frå endringsstudiar innan organisasjonar generelt (Røvik 1998), og meir spesielt innan skoleutvikling, har

dessutan vist at jamvel om krav til ny praksis ikkje blir direkte avvist, så kan dei bli møtt med ulike strategiar for, iallfall delvis, å vri seg unna. Fullan (1991: 28) snakkar i denne samanheng om at endringane blir "... *symbolic rather than real*", som når aktiv læring og undersøkende undervisning degenererer til rein sysselsetting av elevar, eller til prosjektarbeid prega av kaos og rot og av at læraren har abdisert frå rolla som tilretteleggjar for elevane si læring (Rønning 2004).

Trass i den noko pessimistiske generaliseringa ovanfor ut frå tidlegare endringsforskning, er biletet ikkje berre negativt. Det *skjer* utvikling i skolen, iallfall for nokre skolar eller delar av praksisfeltet, og aktive tiltak for å fremme slik utvikling *er* viktige. Ei oppfølgjande evaluering av utviklinga av grunnskolen i Nordland etter M87 og etter ulike nasjonale utviklingsarbeid og etterutdannings-tiltak på 1980-talet for å få til endringar i skolen som organisasjon, kan vere illustrerande. Mellom dei om lag 300 skolane som undersøkinga femna om, var det svært stor spreining med omsyn til i kva grad dei ulike einingane hadde tatt inn over seg nye intensjonar, signal og tilrådingar. Medan nokre skolar hadde følgd opp og implementert mest alt av det nye, var det meste som før ved andre skolar. Det var skolemiljø med ein sterk og samlande skolekultur som hadde tatt opp i seg grunngevingane for og intensjonane i det nye, som òg best hadde makta å utvikle sin organisasjon i samsvar med nye krav og tilrådingar. Systematiske og koordinerte innsatsar frå skoleeigar (kommunenivået) og frå overkommunale støtteapparat syntest å ha ein del å seie for at ein slik utviklingsfremjande skolekultur skulle utviklast ved den enkelte skole. (Solstad 1997.)

I vårt evalueringsarbeid vil det vere viktig å avdekke kva for vilkår må vere stetta for at Kunnskapsløftet Samisk skal ha størst mogleg sjanse for å få gjennomslag overfor svært så ulike samiske elevgrupper. Det gjeld forhold knytt til det enkelte klasserom og skole, til den enkelte skoleeigar og til relevante styrings-, tilretteleggings- og støtteapparat på fylkesnivå eller på nasjonalt nivå. Eit kritisk blick på dei ulike elementa i sjølve Kunnskapsløftet Samisk, inklusive sjølve læreplanen, er også viktig. Har planen fått eit innhald og ei utforming som er i samsvar med overordna intensjonar og nasjonale krav og lovnader om ein likeverdig skole for dei samiske folkegruppene?

Vi skal vidare i innleiingskapitlet til denne første rapporten frå evalueringsprosjektet i neste punkt kommentere noko nærmare omgrepsparet likeverd og

likeverdig skole. Så skal vi ta eit historisk tilbakeblikk for å forstå korfor vi måtte kome mot slutten av det 20. hundreåret før omgrep som ”samisk læreplan” og ”samisk skole” kunne få gjennomslag i det norske samfunn. I denne prosessen har òg internasjonale straumdrag og avtaleverk vore avgjerande. Vi har fått overnasjonale konvensjonar om urfolk som både formulerer kva særlege rettar slike grupper har overfor nasjonalstatane, og kva for særlege plikter statane har overfor denne typen minoritetar. Vi vil gjere greie for korleis Noreg har svara på desse internasjonale utfordringane, og kanskje til og med vore det landet som har gått føre og lengst i å gjere det. Dei særlege utfordringane knytte til samane som ei svært samansett gruppe, vil òg bli kommenterte før vi skissere sjølve prosjektmodellen og gjer greie for dei val og prioriteringar som er gjort for denne undervegsrapporten.

1.2 LIKEVERD OG LIKEVERDIG SKOLE

I formålsparagrafen til opplæringsloven frå 1998 for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (§1-2) står det at skolen ”... skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling...”. Dette er første gongen omgrep som *likeverd* og *likestilling* er komne inn i sjølve målformuleringa for norsk skole, men tanken om at den eine og same skolen skulle vere for alle, er like gammal som idéen om at skole var noko alle i dette landet skulle ha. I ”*Forordning om Skolerne paa Landet i Norge...*” av 1739 heiter det at ”skoleholderen” skal undervise alle barn mellom 7 og 12 år i sin skolekrins det same ”...af hvad Stand og Vilkor de end maatte være” (Dokka 1967: 13).

Sjølv om omgrep som *likeverdig skole* og *tilpassa opplæring* er komne inn så vel i opplæringsloven sin formålsparagraf som i læreplanane (gjort eksplisitt med Mønsterplanen for grunnskolen av 1987, M87), kan omgrepa neppe seiast å ha fått nokon klåre, generelt aksepterte, formelle definisjonar. I St. meld. nr. 28 (1998-99), *Mot rikare mål*, blir einskapsskolen, trekt fram som ein berebjelke i norsk skolepolitikk over lang tid. Her blir òg den nære samanhengen mellom einskapsskole og likeverdig opplæring gjort tydeleg gjennom følgjande forklaring på kva no denne einskapsskolen eigentleg er:

Å gi alle barn – uavhengig av evner og anlegg, økonomisk evne og sosial status, religiøs eller kulturell bakgrunn og geografi – likeverdig og tilpassa

opplæring innanfor eit felles rammeverk, med felles lov og læreplanar. (S. 10 i meldinga.)

I meldinga blir det i tillegg gjeve ein slags implisitt definisjon av likeverd ved at det blir slått fast at

... likeverdsprinsippet er vareteke gjennom føresetnaden om at opplæringa skal tilpassast evner, utviklingsnivå og behov hos den enkelte eleven. Det dreiar seg altså ikkje om å gi eit likt tilbod til alle, men om tilbod som er likeverdige på den måten at dei tek utgangspunkt der barna og dei unge står. Det krev både individuell tilpassing og lokalt mangfald. (Loc. cit.)

Det blir altså gjort eit klårt skilje mellom ”likt tilbod” og ”likeverdige tilbod”. Dette er i skolesamheng ein forholdsvis ny og særskilt viktig distinksjon. I det politiske strevet for å møte idealet om *likeverd* innan ein offentleg teneste som skole og utdanning kan det mest overordna kravet formulerast slik: Sikre ei rettferdig behandling av det enkelte medlem av samfunnet.

Dette kravet kviler på det generelle prinsippet om at eit kvart menneske har same verdi, og såleis same rett til tenester og vern frå samfunnets institusjonar. Det skal òg vere mogleg for alle på lik linje å påverke utviklinga av samfunnet. Eit avgjerande spørsmål i denne samanhengen er om den rettferdige behandlinga best sikrast gjennom så lik som mogleg behandling av individ og grupper, eller om behandlinga, i samsvar med nyare offisielle formuleringar, skal differensierast alt etter særtrekk ved den enkelte person eller gruppe. Denne spørsmålsstillinga har filosofar plundra med heilt sidan Aristoteles peika på at det å behandle ulike likt heller kunne auke skilnadene enn utviske dei. I nyare tid står Rawls’ (1971) bok *A Theory of Justice* fram som ein klassikar når det gjeld drøfting av rasjonalet for likeverd og rettferd. Den politiske filosofen Will Kymlicka (1990: 303) hevdar at Rawls sine tankar om *rettvise* kan samlast i følgjande utsegn:

All social primary goods – liberty and opportunity, income and wealth, and the bases of self-respect – are to be distributed equally unless an unequal distribution of any or all of these goods is to the advantage of the least favoured.

I si avhandling frå 1971 diskuterte Rawls sjølv sine teoriar i forhold til debatten i U.S.A. på denne tida om politiske tiltak for at skole- og utdanning skulle vere like tilgjengeleg for unge frå lågare sosiale lag, og kanskje særleg frå den afroamerikanske og spanskspråklege delen av befolkninga, som for den kvite middelklassen (Coleman *et al.* 1966). Rawls stillar seg kritisk til den form for kompensering der dei uheldig stilte (frå låg sosialgruppe, dårleg utrusta frå naturen si side, med ”gal” hudfarge, ein etnisk minoritet, frå ein liten avsidesliggjande plass etc.) gjennom ulike ekstra ressursallokeringar skal bli hjelpne fram til same skolefaglege prestasjonar og utdanningsnivå som dei meir ”heldig” stilte. Ut frå dette prinsippet aleine vil samfunnet kunne ause ut urimeleg store ressursar for at dei uheldig stilte skal skåre like høgt langs dei same suksesskriteria som dei heldig stilte, noko som likevel ikkje er mogleg, iallfall ikkje utan at det går ut over andre verdiar som òg er sentrale i forhold til rettferd. Her framhevar Rawls verdien av sjølvrespekt, slik det går fram av sitatet nedanfor:

... if not more important [enn å fremje økonomisk effektivitet] is the role of education in enabling a person to enjoy the culture of his society and to take part in its affairs, and in this way to provide for each individual a secure sense of his own worth. (Rawls 1971: 101.)

I vår samanheng, med fokus mot samiske elevar som altså representerer ein nasjonal minoritet, kan dette med sjølvrespekt, eller skal vi seie ein trygg identitet, vere svært relevant. Dette vil gå klart fram av den historiske gjennomgangen som no følgjer.

1.3 HISTORISK TILBAKEBLIKK - NORSK SKOLE FOR SAMISKE BARN

Med tradisjonen tilbake til misjonsskolane på 1700-talet var den offisielle politikken i Noreg heilt fram til om lag 1960 gjennom skolen å sikre samane ein så smertefri som mogleg assimilering i majoritetssamfunnet.

I første omgang var drivkrafta bak skoletiltaka misjonering, det å få dei samiske heidningane til å bli gode kristne slik folket elles var det, eller burde vere det. Skulle slik misjonering lukkast, var det, slik ein såg det under den pietistiske rørsla

tidleg på 1700-talet, viktig at samane, eller finnane som det heitte, kunne orientere seg i den heilage skrift. Dei måtte kunne lese. Med skipinga i 1714 av Misjonskollegiet og noko seinare, i 1720, Det Nordlandske Kirke- og Skolefond, kom det i gang omfattande skoletiltak i dei fire nordlegaste fylka i landet. Såleis var det samane i Noreg som først fekk ein skole for alle, fleire tiår før den nemnde "Forordning om Skolerne paa Landet i Norge" av 1739. Særleg sidan utbygginga av ein allmugeskole ut frå kravet i 1739-forordninga ikkje skaut fart nord i landet før mot slutten av 1700-talet, var det her i store delar av dette hundreåret den samiske ungdomen som best meistra så vel formell kristendomskunnskap som det å lese i bok (Karstensen 1988). Med statleg finansiering frå kongens København, kyrkja som institusjonell forankring og med energisk tilrettelegging av Thomas von Westen og hans disiplar, nådde misjonsskolane fram på brei front slik at det kring 1750 var sameskolar i nærmare 70 % av alle prestegjelda i dei tre nordlegaste fylka. (Tveit 2004, Jensen 2005.)

Sidan det var det religiøse innhaldet i den dansk-norske kulturen som blei sett som aller viktigast å få samane til å ta opp i seg, blei bruk av samisk språk i første omgang vurdert som mest effektivt. Til Thomas von Westen si lærarutdanning i Trondheim frå 1717, Seminarium Scolasticum, blei det derfor rekruttert samar som skulle kvalisere seg til "finneskolemestere". Seinare på 1700- og utetter på 1800-talet var det fleire skifte innan det teologiske leiarskapet for skolen i trua på om det var gjennom samisk som hjelpespråk eller beinveges gjennom norsk (dansk) ein mest effektivt kunne gjere gode nordmenn av samane. Ein gjennomgang av rekrutteringspolitikken til lærarutdanninga for samiske distrikt først ved Seminarium Scolasticum, frå 1752 Seminarium Lapponicum, i Trondheim og seinare ved den første statsdrivne norske lærarutdanning, Trondenes seminar frå 1826 som i 1848 blei flytta til Tromsø, kunne illustrere desse ulike truene. I periodar var det viktig å satse på samisk ungdom som kunne samisk til slik opplærings- og misjonsverksemd for majoritetens religion og kultur elles, i andre norsk ungdom som kunne bli lokka med fri utdanning mot å ta samisk og gjere pliktarbeid i språkblandingsdistrikt etter fullført utdanning, og i atter andre periodar blei det vurdert som best at lærarar for samiske barn ikkje kunne samisk i det heile, som då stipendordninga for norske lærarstudentar som ville lære seg samisk mot å ta plikttjeneste i samiskspråklege distrikt, fell bort i 1904. Ein lærarskole i Alta blei kortliva (1863-1870), ikkje fordi elevtilgangen svikta, men

fordi søkinga frå samisk ungdom var for stor slik at skolen ”fra fornorskningens synspunkt var ... et stort feilgrep” (Dahl 1976: 30-42).

At det norske storsamfunnet ikkje var opptatt av nokon skole på samiske premisser, gav seg òg utslag i andre tiltak på 1800-talet og utetter. ”Finnfondet” frå 1851 skulle fremje det norske språket mellom samar og kvener. Heilt fram til andre verdskrigen kunne lærarar søkje ekstra lønn gjennom dette fondet dersom dei meinte å kunne dokumentere framgangsrikt fornorskingsarbeid (Jensen 2005, Hoëm 2007). Språkinstruksen frå 1880, ofte omtalt som ”fornorskningens Magna Charta”, slo mellom anna fast at lærarane ikkje skulle nytte samisk eller kvensk meir ”end Forholdene gjøre uomgjængeligt fornødent” (Dahl 1976: 67). Formelt var denne instruksjonen gjeldande for skolar og internatdrift heilt fram til 1959. Elles må vi sjå så vel etableringa av eige skoledirektørembete for Finnmark i 1902 og dei statsdrivne skoleinternata, dei første skipa same året, som motiverte ut frå ønsket om effektiv fornorsking av samar og kvener (Reiersen 1915, Meløy 1980).

Utan å gå nærmare inn på dei historiske detaljane, som det elles er gjort greie for mellom anna i dei to nemnde nyare arbeida til Jensen (2005, *Skoleverket og de tre stammers møte*) og Hoëm (2007, *Fra noaidiens verden til forskerens*), kan vi seie at skolen i ein samanhengande periode på godt over 200 år har blitt nytta aktivt som reiskap for det ein kunne kalle norskspråkleg og norskulturelt landnåm. Rett nok hadde den samiske læraren Per Fokstad alt i 1924 sendt til Den parlamentariske skolekommissjonen (1922-27) ”nogen antydninger til forslag til samisk (lappisk) skoleplan...”, men Fokstads arbeid fekk lite å seie utover at framlegget blei tatt inn i Innstilling II frå kommissjonen (Parlamentariske skolekommissjon 1926: 103-108, Eriksen og Niemi 1981). Også andre framstående representantar for samiske interesser gjekk i første halvta av 1900-talet offentleg ut med sterk kritikk av skolens aggressive fornorskingspolitikk, som lærar og stortingsrepresentant Isak Saba og lærar Anders Larsen (Meløy 1982, Niemi og Aarseth 1985, Jensen 2004). Men tilløp til ein annan skolepolitikk overfor samar og kvenar enn den som hadde assimilering av desse folkegruppene inn i det ”norsknorske” kulturfellesskapet som mål, kom ikkje med særleg tyngd før i tida etter andre verdskrigen. Det kunne, slik vi alt har peika på, vere ulike syn på bruk av samisk som hjelpespråk, om det var mest strategisk å rekruttere samar til lærarutdanning eller ikkje, og om sjølve religionsundervisninga kanskje skulle vere på samisk, men målet var heile tida det same – og det ofte òg mellom samiske

skolefolk og talsmenn elles (jfr. Reiersen 1917) – å gjere samar (og kvener) til gode nordmenn så raskt og smertefritt som mogleg.

1.4 VIKTIGE DRIVKREFTER BAK FORNORSKINGSPOLITIKKEN

Korleis kunne og ville ein gå så hardt og konsekvent ut mot kulturen og språket til folkegrupper som i delar av landet faktisk utgjorde fleirtalet av innbyggjarane, og som for samane så avgjort var å rekne som like ”norske” (i tydinga heimehøyrande i Noreg over lang tid) som norsktalande nordmenn? For Finnmark fylke samla var samane i fleirtal fram til midt på 1800-talet, og ved år 1900 utgjorde samane (nærmare 30 %) og kvenane til saman nærmare halvparten av folketalet. Med unntak av byane Hammerfest og Vardø og ein del av dei større fiskeværa var samar og, for delar av Aust-Finnmark, kvenar i majoritet. Mellom anna med støtte i Eriksen og Niemi (1981), Solstad (1984) og Jensen (2004, 2005) kan vi peike på tre viktige forhold; nasjonal reising eller samling, tryggleikspolitiske omsyn og sosialdarwinismen. Desse omsyna kjem då i tillegg til den form for kulturell imperialisme som, slik vi har sett, låg til grunn for dei aller første skoletiltaka, nemleg pietismens og kyrkjjas overtyding om at ”vår” religion, den evangelisk-lutherske kristendommen, stod over den samiske gudstrua der sjamanen eller noaidien representerte prestskapet (Hoëm 2007).

1.4.1 Nasjonal reising

Som sjølvstendig nasjon var Noreg under heile 1800-talet og godt inn i det 20. hundreåret å rekne som ung og veik. Unionstida med Sverige var ein kamp for å markere sjølvstende og likeverd for det norske folk. I historieforsking, litteratur og kunst elles var det om å gjere å få fram og reindyrke det norske. Det galdt å definere og markere grensene og å framstå som eitt, samla folk med ein klar identitet. Forholda lengst nord i landet der dei nasjonale geografiske grensene var utydelege og beint fram ei hindring for tradisjonell næringsverksemd, kunne det vere strategisk å koste under teppet. At det meste av dei samiske busettingane var langt mot nord eller i høgfjellstraktene mot Kjølen, altså langt frå dei økonomiske, politiske og kulturelle tyngdepunkta i landet, gjorde nok elles sitt til at spesielle omsyn til desse gruppene ikkje kom i fremste rekke for ein ung nasjon som kjempa for ein trygg og uavhengig status i Norden og i Europa.

1.4.2 Tryggleikspolitiske omsyn

Dette omsynet kan vel seiast å overlappet noko med det om nasjonal reising ovanfor. For å markere dei nasjonale grensene som blei fastsett mellom Danmark/Noreg og Sverige i 1751 (då Finland enno var under svensk overherredøme), var det viktig å markere at dansk-norsk og seinare norsk jurisdiksjon og kyrkje verkeleg hadde makta og kontrollen. Då var det òg avgjerande at folket *var* norsk i tanke og sinn. Særleg blei dette viktig overfor den kvenske folkesetnaden som voks kraftig frå 1700-talet, i Aust-Finnmark særleg frå 1820-åra (NOU 1985: 14: 32). Mot slutten av 1900-talet var folkesetnaden i Varanger-området meir finsk (altså kvensk) enn norsk; ein by som Vadsø var $\frac{3}{4}$ finsk og for heile Finnmark kom den finskspråklege delen opp i over 20 % (Eriksen 1981). Den såkalla Lapporørsla frå 1920 - 30-åra blei jamvel skulda for å drive agitasjon mellom kvenene for finske territoriale krav. Eit sitat frå boka *Den finske fare* kan tene som konklusjon så vel på dette punktet som på punktet om nasjonal reising ovanfor:

Siktemålet var kulturell og nasjonal enhet, og dermed ble fornorskning av samer og kvener sett på som en forutsetning for at disse gruppene skulle identifisere seg med den norske nasjonalstat. Ideelt sett skulle alle innbyggere dele en felles kultur. Fellesskap i språk, kultur og seder var kjennetegn på nasjonalstaten. (Eriksen og Niemi 1981, s. 371.)

1.4.3 Sosialdarwinisme

Inspirert av Darwins (1859) grensesprengjande verk *On the Origin of Species by Means of Natural Selection*, hevda sosialdarwinismen (men idéen var ifølgje Bullock og Stallybrass 1977: 579 framme før publiseringa av Darwins bok) at evolusjonslæra med prinsippa om "the struggle for existence" og "the survival of the fittest" òg kunne gjerast gjeldande som forklaring på kvalitative ulikskapar mellom samfunn, folkeslag og rasar. Gjennom tidene hadde visse samfunn og visse folkeslag utvikla seg til eit høgare nivå enn andre med omsyn til forhold som religion, kultur og intellektuell kapasitet. Dette var idéar som høvde godt for å rettferdiggjere dei europeiske stormaktene sine tidlegare og samtidige imperialistiske framstøytar overfor, slik ein såg det, lågareståande folkeslag i Amerika, Asia og Afrika. Gjennom erobring og europeisering kunne vi hjelpe desse folkeslaga opp på "vårt" høgare nivå. Og sosialdarwinistisk tankegods kom godt med som ryggdekking for Hitler sin politikk.

Denne typen samfunnsanalyse gjennomsyra langt på veg den norske majoritetsbefolkninga sine haldningar overfor både dei gamle og yngre minoritetane nord i landet, altså samane og kvenane. Det blei i norske vitenskaplege verk med stort alvor og omfattande ”dokumentasjon” halde fram at ”...Nordmændene er de to andre racer [finner, dvs. samar og kvener] overlegne, ogsaa i aandelig henseende synes den norske befolkning at være høit begavet” (Helland 1906: 326). Det kan vere freistande å leggje til endå eit sitat frå eit vitenskapleg verk, denne gongen frå eit norsk antropologisk arbeid på 1930-talet:

Wie es wohl im allgemeinen mit primitiven Menschen der Fall ist, waren unsere Lappen, trotz ihrer kindlichen Neugierde und Freundlichkeit, meistens recht unwillig, sich einer genauen Untersuchung zu unterwerfen, ... (Schreiner 1932: 13).

Med slike haldningar mellom dei lærde, og dei var ikkje mykje annleis innan presteskapet (Holm 1923, NOU 1985: 14: 47) eller mellom sentrale skolepolitikarar som Johannes Steen (Sunnanå 1969), var det heller ikkje rart at denne typen oppfatningar og haldningar til samane, og dels til den kvenske befolkninga, òg dominerte mellom folk flest. Det går til dømes fram av romanar til kjente forfattarar som Jonas Lie, Olav Duun og Regine Norman (Jensen 2005). Som mellom andre Høgmo (1989) og Minde (2003) har peika på, kan det vere grunn til å tru at den diskriminering og underkjenning frå majoritetsbefolkninga som samane var utsette for over lang tid, etter kvart kom til å prege den måten samane sjølve såg på eige språk, eigen kultur, ja på eige menneskeverd.

Om dei skræmmande følgjene av ei ekstremtolking av sosialdarwinismen som nazismen representerte, var avgjerande eller ikkje, i alle fall etter andre verdskrigen kom det etterkvart inn nye syn på våre nasjonale minoritetar og kva for skole- og utdanningstilbod dei burde ha. Så var då òg dei gamle omsyna til nasjonal samling, ei formulering som sjølv sagt var kome i sterk vanry grunna krigen, og til tryggleikspolitikken, mellom anna grunna etableringa av NATO i 1949, ikkje lenger så relevante.

1.5 NYE TANKAR OM LIKEVERD OG SKOLE FOR MINORITETAR ETTER ANDRE VERDSKRIGEN

Alt i 1948 kom det ei viktig innstilling, *Tilråding om samiske skole- og opplysningsspørsmål*, frå Samordningsnemnda for skoleverket nedsett i 1947. Ti år seinare, i 1959, kom det eit nytt departementalt dokument frå "Komité til å utrede samespørsmål" (Samekomitéen) som hadde til oppgåve å gjere framlegg om "konkrete tiltak av økonomisk og kulturell art" til beste for samane. Ikkje lenge etter kom St.meld. nr. 21 (1962-63): *Om kulturelle og økonomiske tiltak av særlig interesse for den samiske befolkning* der tankane frå desse utgreiingane fekk innpass i eit tungt politisk dokument. Det interessante og vesentlege ved desse innstillingane og meldingane er at dei representerte eit klårt brot med den medvetne og aktive assimileringspolitikken som hadde rådd grunnen over lang tid, og då spesielt frå 1880-åra då den nemnde språkinstruksen kom. At denne nyorienteringa i norsk politikk overfor samane ikkje berre var eit blaff og uttrykk for dårleg samvit, vitnar oppnemninga av eit nytt departementalt utval i 1980 om. Dette utvalet kom i 1985 med ei fagleg tung utgreiing om *Samisk kultur og utdanning* (NOU 1985: 14) som mellom anna inneheld ein grundig historisk gjennomgang av norsk nasjonal skole- og kulturpolitikk overfor dei samiske folkegruppene.

Dette brotet med den aktive assimilasjonspolitikken hadde ikkje berre med interne norske forhold å gjere, men må i høg grad sjåast i samanheng med internasjonale straumdrag som gjeld synet på menneskeverd. Det mest autoritative og tungtvegande dokument i denne samanheng er FNs menneskerettserklæring frå 1948. Det mest sentrale i forhold til menneskesyn går fram av den første artikkelen, av dei i alt 30 artiklane i denne fråsegna, som slår fast at:

Alle mennesker er født frie og med samme menneskeverd og menneskerettigheter. De er utstyrt med fornuft og samvittighet og bør handle mot hverandre i brorskapets ånd.

Med ein generell aksept av prinsippet om at alle er frie og fullverdige menneske med rettar, vit og forstand, var det på den internasjonale arena vanskeleg for kolonimaktene lenger å legitimere sine posisjonar i den tredje verda. Innanfor nasjonalstatane var det heller ikkje akseptabelt for majoritetsgrupper å halde fram i rolla som herrefolk. Når det gjeld nasjonale minoritetar med lang historie i

vedkomande land, gjerne lenger enn den til majoritetsbefolkninga, kom det nokre år seinare, i 1957, ein eigen konvensjon i regi av International Labour Organization (ILO). Ifølgje denne konvensjonen får slike minoritetar status som urfolk ("indigeneous people") med særlege rettar, og nasjonalstaten skal ha særlege plikter overfor denne typen minoritetar. Denne ILO-konvensjonen om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, som blei revidert i 1989 som ILO-konvensjon nr. 169, og ratifisert av Noreg i 1990, har i sin Artikkel 1 i tre punkt identifisert kjenneteikn på kva som no eigenleg er urfolk (her sitert i norsk omsetting frå ein publikasjon frå FN-sambandet):

- *Stammefolk i sjølstendige stater der sosiale, kulturelle og økonomiske forhold skiller dem fra andre deler av det nasjonale felleskap og der deres status heilt eller delvis er regulert av egne skikker, tradisjoner eller av særlige lover eller forskrifter.*
- *Folk i sjølstendige stater som er ansett som opprinnelige fordi de nedstammer fra de folk som bebodde landet eller en geografisk region som landet hører til da erobring eller kolonisering fant sted eller da nåværende statsgrenser blei fastlagt, og som – uansett deres rettslige stilling – har beholdt alle eller noen av sine egne sosiale, økonomiske, kulturelle og politiske institusjoner.*
- *Egen-identifisering som urbefolkning eller stammefolk skal være et grunnleggende kriterium for å bestemme hvilke grupper bestemmelsene i denne konvensjonen skal gjelde for.*

Det er med utgangspunkt i denne noko indirekte definisjon av urfolk at samane sin status som urfolk er søkt klargjort av samiske fagfolk som juristen J.B. Henriksen (1996), historikaren O.M. Hætta (1994) og filosofen Nils Oskal (1999). Jamført med den første ILO-konvensjonen om urfolk frå 1957, er det tredje kjenneteiknet i definisjonen ovanfor nytt. I det heile må det seiast å vere ein heller "mjuk" definisjon der kjenneteikna i punkta 1 og 2 er formulerte i relative termar ("heilt eller delvis", "alle eller noen"), i tillegg til at det tredje kjenneteiknet er av reint subjektiv karakter. I alle fall, samane sin status som urfolk er offisielt akseptert i det norske samfunn. Dette gjeld òg dei andre nordiske landa med samisk busetting, jamvel om Finland og Sverige enno ikkje formelt har ratifisert ILO-konvensjonen.

Det har internasjonalt skjedd ei klar utvikling frå den første ILO-konvensjonen om urfolk frå 1957 fram til denne frå 1989. Medan ILO-konvensjonen om urfolk av 1957 (nr. 107) nærmast hadde ein slags verdig assimilasjon i majoritetskulturen som framtidvisjon for urfolk, kanskje meir i tråd med ein mild variant av tradisjonell norsk samepolitikk, strekar 1989-konvensjonen (nr. 169) under urfolkets rett til vidare eksistens i samsvar med *eigne* oppfatningar. Dette går fram av Artikkel 7 med følgjande ordlyd (her referert etter FN-sambandets norske omsetting):

Vedkommende folk skal ha rett til å vedta sine egne prioriteringer for utviklingsprosessen i den grad den angår deres liv, tro, institusjoner, åndelige velvære og de landområder de lever i eller bruker på annen måte, og til så langt som mulig å ha kontroll med sin egen økonomiske, sosiale og kulturelle utvikling. I tillegg skal de delta i utforming, gjennomføring og evaluering av nasjonale og regionale utviklingsplaner og programmer som kan få direkte konsekvenser for dem.

I konvensjonen er det, som nemnd, ikkje berre urfolks *rettar* som blir presiserte, men òg nasjonalstatens *plikter* til å leggje til rette for at desse rettane kan bli praktiserte. Det gjeld å sikre urfolk like gode vilkår for utdanning som majoritetsbefolkninga (Artikkel 26), og til ei gradvis overføring til aktuelle urfolk av ansvar og drift av nødvendige utdanningsprogram (Artikkel 27). Nasjonalstatens økonomiske ansvar i denne samanhengen blir nemnd eksplisitt, slik det går fram av pkt. 3 i denne Artikkel 27:

Dessuten skal myndighetene anerkjenne disse folks rett til å opprette sine egne utdanningsinstitusjoner og utdanningsordninger, forutsatt at disse holder minimumsstandarder som ansvarlig myndighet fastsetter i samråd med disse folk. Rimelige ressurser skal settes av til dette formål.

I tillegg til denne ILO-konvensjonen, har FN ei eiga fråsegn om rettane til urfolk (*United Nations Declaration on the Rights of Indigenous Peoples*), med siste revisjon i 1994. Vi siterer *in extenso* de to artiklane (nr. 14 og 15) som spesielt omhandlar utdanning, og kor både urfolks *rettar* og nasjonalstatens *plikter* blir stadfesta:

Article 14: Indigenous peoples have the right to revitalize, use, develop and transmit to future generations their histories, languages, oral traditions, philosophies, writing systems and literatures, and to designate and retain their own names for communities, places and persons.

States shall take effective measures, whenever any right of indigenous peoples may be threatened, to ensure this right is protected and also to ensure that they can understand and be understood in political, legal and administrative proceedings, whenever necessary through the provision of interpretation or by other appropriate means.

Article 15: Indigenous children have the right to all levels and forms of education of the State. All indigenous peoples also have this right and the right to establish and control their educational systems and institutions and providing education in their own language, in a manner appropriate to their cultural methods of teaching and learning.

Indigenous children living outside their communities have the right to be provided access to education in their own culture and language.

States shall take effective measures to provide appropriate resources for these purposes.

Den norske aksept av samar som urfolk, og med det deira rettar innanfor nasjonalstaten, og nasjonalstaten sine plikter overfor samane, utløyste i 1988 ein tilleggsparagraf i grunnloven, nemleg § 110A, gjerne omtala som Sameparagrafen, med denne ordlyd:

Det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og udvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv.

Samerettsutvalets arbeid som mellom anna førte til skipinga av Sametinget (opna 1989), må vi òg sjå i lys av desse overnasjonale konvensjonane. Innanfor sektorane skole/utdanning er det grunn til å nemne etableringar som Nordisk samisk institutt (1973), Samisk utdanningsråd (1975) og Samisk høyskole (1989).

ILO-konvensjonen har òg ein artikkel (nr. 32) som gjev pålegg til aktuelle regjeringar overfor urfolk busett i område som geografisk femnar om fleire land, slik som samar i Norden:

Regjeringer skal treffe hensiktsmessige tiltak , bl.a. gjennom internasjonale avtaler, for å lette kontakt og samarbeid over statsgrenser, herunder virksomhet på økonomiske, sosiale, kulturelle og miljømessige områder, mellom urbefolkninger og stammefolk [på tvers av landegrensene, vår tilføyning].

Denne artikkelen er særleg relevant for samane på Nordkalotten og for regjeringane i dei tre (fire med Russland) aktuelle landa. Truleg inspirert av desse formuleringane i ILO-konvensjonen, blir det no i nordisk samanheng arbeidd med ein felles *Nordisk samekonvensjon* for landa Finland, Sverige og Noreg. Utkast til ein slik konvensjon låg føre i 2005. Konvensjonen uttaler seg eksplisitt om samane sine språklege rettar (Artikkel 23), om statane sitt ansvar for samisk språk (Artikkel 24) og om samisk utdanning (Artikkel 26) og forskning (Artikkel 27). I ein eigen artikkel (30) blir det presisert at samiske barn og unge har rett til å utøve sin kultur og ta vare på og utvikle sin samiske identitet. Frå den norskspråklege versjonen av utkastet tar vi her med Artikkel 26 om utdanning:

- *Samene i de samiske områdene skal ha mulighet til undervisning i og på det samiske språket.*
- *Samiske barn og samisk ungdom utenfor de samiske områdene skal ha mulighet til undervisning i samisk, men også på samisk i den utstrekning det kan anses rimelig i de enkelte områder. Undervisninga skal i størst mulig utstrekning tilpasses deres bakgrunn.*
- *De nasjonale læreplanene skal utarbeides i samarbeid med sametingene og tilpasses samiske barns og samisk ungdoms kulturelle bakgrunn og behov.*

Jamvel om denne konvensjonen med sine i alt 51 artiklar enno ikkje er formelt vedtatt i dei tre regjeringane, er gjeldande norske offisielle haldningar og tiltak overfor samane som urfolk i samsvar med innhaldet i konvensjonsutkastet.

Samane er eit lite folk og eit folk utan eige territorium, men som er heimehøyrande i fire ulike nasjonalstatar. Av eit samla tal på berre 40 – 70.000 samar, alt etter korleis ein tel, er om lag to tredelar i Noreg og den siste tredelen fordelt på Sverige, Finland og Russland, landa ordna etter storleiken på det samiske innslaget i befolkninga (Samisk institutt 1990: 14). Dette gjer det samiske folk og den samiske kultur svært utsett og sårbar, på same tid som det fell eit særleg ansvar på Noreg, slik det blir peika på i samerettsutvalet si første utgreiing der det heiter:

For det første er hele den samiske kultur i avgjørende grad avhengig av hvilken behandling den får av norske myndigheter. Dersom den samiske kultur ikke får tilstrekkelige levevilkår i Norge, er det høyst tvilsomt om den makter å leve videre i våre naboland. [...] Dette er en kultur som i vesentlig grad står og faller på med de norske myndigheters politikk, og det er den eneste kultur som står i denne stilling (NOU1984:18: 440).

På denne bakgrunn er det særleg viktig at Noreg, slik vi har sett, har løfta omsynet til den samiske folkegruppa inn som ein eigen paragraf i Grunnloven. Denne ”sameparagrafen” må sjåast på som ei prinsippklæring. Av forarbeidet til denne paragrafen går det fram at omgrepa ”Sprog”, ”Kultur” og ”Samfundsliv” skal tolkast vidt slik samerettsutvalet presiserer omgrepet kultur:

Vi taler om kultur som summen av normer, verdier, handlingsmønstre og felles forestillinger i et samfunn. Kultur i denne forstand omfatter levemåter, sed og skikk og religiøse oppfatninger (NOU 1984:438).

Ikkje minst viktig i ein skolesamanheng er samerettsutvalets kommentar til at jamvel om det i Grunnlovens §110A heiter ”Sprog” i eintal, så femnar omgrepet om dei ulike samiske språka eller språkvariantane. At dette i praktisk politikk er svært krevjande, seier seg sjølv.

1.6 SAMISK LÆREPLAN - MANIFESTASJON AV EIT URFOLKS RETT TIL UTDANNING

Det er på bakgrunn av desse internasjonalt forpliktande utsegnene om urfolk og Noregs aksept av desse prinsippa for samane slik det no er nedfelt Grunnlovens ”sameparagraf” av 1988, vi må sjå så vel dei siste presiseringane av samiske rettar i

Opplæringslova av 1998 og, i vår samanheng aller viktigast, dei samiske læreplanane for grunnskolen av 1997 (L97S) og no sist, i 2006, Læreplanen for grunnskolen og vidaregåande opplæring – Kunnskapsløftet Samisk (LK06S).

På papiret iallfall, kan utviklinga på skolesektoren for samane som vi ovanfor her har skissert konturane av, nærmast verke dramatisk. For vel 100 år sidan hadde samane å akseptere majoritetssamfunnets skoletilbod utan særordningar anna enn bruk av samisk som hjelpespråk når, slik vi alt har sitert frå språkinstruksen av 1880, "...Forholdene gjøre det uomgjængeligt fornødent". I dag kan samane krevje ein skole drive ut frå særleg tilpassa læreplanar, og med opplæringsloven i ryggen kan samiske familiar krevje slik opplæring sjølv om dei bur i reint "norske" busettingsområde, fullt i samsvar med prinsippa i den nyss refererte Artikkel 15 i FN sin urfolksdeklarasjon. Formuleringane i Opplæringsloven av 1998 synest nemleg nettopp å vere tilpassa denne Artikkel 15. Etter denne loven (§ 6-2) har elevar som fyller samemanntalets krav til å vere "same" (i Grunnskoleloven av 1969 "med samisk talemål"), om så enkeltvis (tidlegare "minst tre"), rett til undervisning i samisk det same kor i landet dei bur. I "samiske distrikt" (i praksis identisk med samisk forvaltningsområde) har alle elevar, òg elevar som ikkje språkleg eller etnisk er samar, rett til opplæring i og på samisk. Om det er minst ti elevar i ein kommune utanfor samiske distrikt som krev det, er kommunen forplikta til å leggje til rett for opplæring i og på samisk (igjen § 6-2).

Vi har i Noreg, og i ein del andre land, særleg over dei siste 20 – 30 åra, sett ei utvikling frå ein politikk som anten var retta mot det å oppnå smertefri og effektiv assimilering som i Noreg eller segregering *a la* reservatpolitikken i U.S.A og Australia og (den tidlegare) "lapp skal vara lapp"-filosofien i Sverige, til formell likestilling gjennom kulturell pluralisme eller etnisk mangfald. Det kan vere dei som synest at urfolks rettar og nasjonalstatens plikter overfor urfolk går *for* langt. I tillegg til at urfolk slik, i prinsippet, har rett til å utvikle sine eigne ordningar på ulike område og på sine eigne premissar, har samane og andre urfolk ut frå desse internasjonalt aksepterte prinsippklæringane høve til, i den grad dei måtte ønske det, å delta i nasjonalstatens ordinære politiske, kulturelle og institusjonelle liv. Urfolk kan ut frå dette seiast å få *både* i pose og sekk. Om det skulle vere noko i ein slik måte å sjå utviklinga på, så kan det vere god grunn til å minne om at norsk skolepolitikk overfor samane over meir enn 200 år, gjekk ut på å gje samane *verken* i pose eller sekk.

Som så ofte elles er det også her vanskeleg å få samsvar mellom lære og liv. Det kan vere vanskeleg å fylle både posen og sekken. Vi har konstatert den politiske vilje i det norske samfunn til formelt å akseptere rettane til samar som urfolk og til å følgje opp nasjonalstaten sine plikter overfor dette urfolket. Men i kva grad maktar vi å gje den praktiske politikk eit slikt innhald, og å leggje til rette for ei slik gjennomføring av denne politikken, at intensjonane om til dømes ein likeverdig skole for samar på deira premissar faktisk kan verkeleggjerast? Og kor langt er vi villige til å gå når det gjeld å omsetje prinsippa i handling? Diskusjonen og konfliktane omkring samane som urfolk sine rettar til land og vatn, illustrerer denne problemstillinga (Skogøy 1999).

I si evaluering av LK06S sin forgjengar, L97S, karakteriserte Hirvonen og Keskitalo (2004) samisk skole etter L97S som ein ufullendt symfoni. Men til skilnad frå Schuberts kjende og høgt skatta 8. symfoni med berre to av dei til vanleg fire satsane, så var i tilfellet L97S heller ikkje dei to første satsane noko å skryte av. Kanskje med litt fri tolking av Hirvonen og Keskitalo, kan vi seie at sjølv dokumentet L97S, den formelle læreplanen (jfr. Kap. 4 nedanfor), svarar til sats nr. 1 og tilrettelegginga for implementering av denne første samiske læreplanen representerer sats nr. 2. Ingen av desse satsane når ifølgje Hirvonen og Keskitalo på nokon måte opp til Schuberts nivå. Og så manglar altså dei to neste satsane heilt.

LK06S kan vi sjå på som eit forsøk på å gjere ein ny og betre første sats. Vidare kan vi oppfatte dei andre tiltaka innan Kunnskapsløftet Samisk med sikte på å stø opp om implementeringa av sjølv læreplanen som freistnader på òg å gjere noko med andresatsen. Om vi forfølgjer denne metaforen litt til, vil vi kunne sjå på vår evaluering som eit systematisk arbeid for å avgjere om dei nye to første satsane faktisk er blitt betre og om vi i tillegg kan sjå konturane av dei andre to satsane. Då først kan vi seie at samane som urfolk nærmar seg idealet om ein likeverdig skole på sine egne premissar.

1.7 UTFORMING OG IMPLEMENTERING AV SAMISK LÆREPLAN – SÆRLEGE UTFORDRINGAR

Det er altså i Noreg generell aksept for at samane utgjer *eitt* folk som òg er eit urfolk i dette landet og i nabolanda. Korleis skal så skole og opplæring leggjast til rette for dette folket – på dets egne premisser?

Det som har vore typisk for samisk tilpassing og overleving historisk sett, har vore evna til å nytte ut naturressursar i arktiske område der produksjonen per arealeining er svært liten. Her var samane lenge utan eigenleg konkurranse. Dei utvikla ein organisasjons- og materiellstruktur for sine samfunn som bygde på små einingar (*siida*) som opna for stor mobilitet og fleksibilitet slik at ulike naturressursar kunne ”haustast” over store areal og store avstandar. Karakteristisk for slike folkegrupper er at dei i liten grad organiserer seg i store, meir slagkraftige einingar som kan stå mot eventuelt ytre press, anten det måtte vere militært, økonomisk eller kulturell, eller – og helst – i ein eller annan kombinasjon. Med store avstandar og små folkesetnader vil det utan ein samlande organisert overbygning i alle fall vere krevjande over lang tid å halde vedlike kjensla av å vere eitt folk. For samane på Nordkalotten har det å halde oppe ein samlande identitet som eitt folk truleg blitt særleg vanskeleg fordi det ytre presset har vore ulikt både i styrke og innhald, ikkje berre frå den eine nasjonalstaten til den andre, men òg frå området til område innan eitt og same land, ikkje minst i Noreg.

Resultatet har blitt ei fragmentering av det samiske folk i svært ulike grupperingar, ikkje berre med omsyn til geografisk lokalisering, busettingsstruktur og økonomisk tilpassing, men òg i forhold til kultur og språk. Den språklege utviklinga kan illustrere situasjonen. Sidan kontaktane mellom samiske grupper knytte til næringsdrift over lang tid har gått aust-vest (eigenleg innland - kyst), er dialektskilnadene på norsk, svensk og finsk side relativt små, medan avstandane mellom dei nordlegaste og sørlegaste språkvariantane, altså nord- og sørsamisk, er som mellom norsk og islandsk (Hætta 1994: 100).

Å finne det innhald og den tilrettelegging for læring som på best måte representerer det samiske, er under slike vilkår ikkje lett. Kva er felles for ein sørsamisk familie med norsk eller svensk som heimespråk, ein kystsamefamilie i Nord-Noreg med språk og levesett som folk flest i eit kvart anna lokalsamfunn langs kysten, ein

samisk funksjonærfamilie i Kautokeino eller Utsjok, eller ein reindriftsfamilie i det samiske kjerneområdet i Finnmark? Ikkje har dei eit felles språk, om dei så måtte snakke samisk, livsgrunnlaget er svært ulikt og dei er å finne i alle busettingstypar over store delar av landet.


No må det leggjast til at den typen spørsmål som vi her har reist, kunne vere like relevante i forhold til eit kvart anna folk som svenskar og nordmenn elles. Om vi så held samar, kvenar og nyare innvandrarak utanfor, er dei som er igjen som ”nordmenn” alt anna enn homogene med omsyn til den type dimensjonar som vi her har trekt fram. Er det grunn til å krevje at ein minoritet, eit urfolk, skal vere meir einsarta enn majoritetsbefolkninga? Kanskje ikkje, men konsekvensane av språkleg, kulturell, geografisk etc. fragmentering kan bli større. Kanskje er det ei slags minste ”kritisk masse” som er nødvendig for at ei gruppe skal halde oppe eit språk eller ein identitet som del av ”eitt folk”?

Ein nærmare diskusjon om kva som er ”same” og ”samisk” fell utanfor vår oppgåve her. Men den type påpeikingar som her er gjort, kan tene til å illustrere kor vanskeleg det er både å lage *éin* samisk læreplan og så leggje til rette for å setje han ut i livet. Vi har å halde oss til at vi har fått i oppgåve å evaluere den samiske læreplanen som no ligg føre, LK06S, og dei tiltaka som det er lagt opp til for at denne læreplanen skal bli tatt i bruk på ein måte som fremjar samane sin rett til å halde oppe og vidareutvikle seg som same, så vel individuelt som kollektivt. Eit visst kritisk blikk på sjølve innhaldet i læreplanen vil vi nok ha, men hovudsaka for oss er sjølve implementeringa. Og då er det viktig å ha eit best mogleg oversyn over dei svært så ulike samiske grupperingane som Kunnskapsløftet skal gjennomførast for. I tillegg til dei generelle ulikskapane som går på geografi, kultur og næringstilknytning som vi har diskutert ovanfor, kjem den ulike reint formelle status knytt til om vedkomande heimkommune for samiske barn/føresette er innan eller utanfor språklovens forvaltningsområde. Vi kjem i metodekapitlet (Kapittel 2) tilbake til dette mangfeldet av relevante samiske elevgrupperingar.

1.8 KORT SKISSERING AV EVALUERINGSPROSJEKTET.

Vi har i dei føregåande punkta gjort greie for den historiske og samfunnsmessige konteksten som vi må sjå og skjøne Kunnskapsløftet Samisk og implementeringa av denne i. Det overordna målet med evalueringa, å finne ut om vi nærmar oss

idealet om ein meir likeverdig skole og opplæring for dei samiske folkegruppene i Noreg, vil vi arbeide for å nå gjennom tre delprosjekt slik modellen nedanfor viser.



I Delprosjekt 1 blir fokus retta mot dei overordna myndigheitene frå Sameting og statleg nivå (departement, Utdanningsdirektorat, fylkesmenn) ned til den enkelte skole. Kva gjer dei ulike instansane kvar for seg, eller i fellesskap, for å utvikle system og rutinar som sikrar informasjon og kunnskap hos alle relevante partar – skoleleiing, lærarar og føresette – for ei best mogleg implementering av LK06S? Viktige delspørsmål som evalueringa vil søkje å gje svar på innanfor dette delprosjektet er:

- Kva for førebuingar er gjort i forkant av LK06S frå Sameting og statlege myndigheiter og frå skoleeigar og skoleleiing?
- Korleis tar skoleeigar (fylkeskommune, kommune) vare på sine formelle rettar og plikter slik at det blir lagt best mogleg til rette for å nå måla i LK06S?

- Kva rolle har eigenleg Sametinget som premissleverandør overfor skoleeigarane?
- Kva for kvalitetskrav må skoleeigar innfri og kva for rutinar er utarbeidde for kvalitetssikring?

Delprosjekt 2 skal sjå på korleis ulike verkemiddel utanom sjølve læreplanen verkar inn på implementeringa av Kunnskapsløftet Samisk. Det dreiar seg om lærebøker og undervisningsmateriell elles, økonomiske støttetiltak og organiseringa av slike, rekrutteringstiltak og ulike ordningar for vurdering og evaluering. Skolen som organisasjon og relasjonen skole – skoleeigar blir òg viktig å gå nærmare inn på, ikkje minst ut frå perspektivet på skolen som ein ”lærande organisasjon” (jfr. St.meld. nr. 30 [2003-2004], *Kultur for læring*).

I dette delprosjektet vil ein del av problemstillingane vere like aktuelle i alle kommunar, medan relevansen av andre i nokon mon vil vere avhengig av om kommunen er samisk forvaltningskommune eller ikkje. Sentrale spørsmål som evalueringsarbeidet innan dette delprosjektet vil søkje å gje svar på er:

- Kva for verkemiddel vektlegg skoleleiinga og skoleeigar for utviklinga av ein lærande *samisk* skole?
- Korleis taklar skoleeigar (eventuell) skort på samiskspråklege læremiddel?
- Korleis organiserer skoleeigar og skole forholdet og samarbeidet mellom samisk skole og einspråklege norske heimar? (Gjeld forvaltningskommunar.)
- Kva for kunnskap har skoleeigarar om sitt ansvar for samiskopplæringa? (Gjeld i liten grad forvaltningskommunane.)
- Korleis verkar større sjølvråderett for skoleeigarane når det gjeld å utvikle nye samarbeidsrelasjonar mellom ulike skoleeigarar?
- Korleis er og utviklar forholdet seg mellom Sametinget og ulike typar skoleeigarar?
- Korleis verkar skoleeigars større formelle ansvar for den samiskspråklege opplæringa på kvaliteten på opplæringa og på forholdet mellom skole og heim?

I Delprosjekt 3 kjem sjølve læreplanen, LK06S, i sentrum. Om, og i kva grad, denne læreplanen har eit reelt samisk innhald eller om han meir er slik Lund (2003:

58) har karakterisert L97S, ”en halvsmisk variant av den nasjonale norske skolen”, er ikkje ei oppgåve for dette evalueringsprosjektet å gå grundig inn på. Likevel må vi tru at læreplanen sin ”samiske karakter” kan ha innverknad på korleis planen blir tolka og mottatt, og såleis òg ha mykje å seie for implementeringa av planen. Til ein viss grad vil vi derfor vurdere LK06S både i forhold til forgjengaren, L97S og i forhold til den norske planen LK06.

Av ressursmessige grunnar vil vi i evalueringa av fagplandelen av LK06S avgrense oss til læreplanane i *samisk språk* og til det gjennomgåande faget *samfunnsfag*. I tillegg vil evalueringa sjå på meir fagovergripande aspekt ved planen som *tilpassa opplæring*, *elevvurdering* og *grunnleggjande ferdigheiter*.

Viktige meir konkrete spørsmål som evalueringa vil søkje å kaste lys over er:

- Korleis tolkar lærarane LK06S for dei utvalde faga, og korleis kjem dette fram i skolane sine eigne planverk?
- Korleis arbeider lærarane med å bryte ned kompetansemåla i læreplanen, og korleis blir desse meir detaljerte måla (for undervisningsøkter /-periodar, undervisningstema m.v.) nytta i vurderingsarbeidet?
- I kva grad er tilgjengelege læremidlar tilpassa utfordringane i LK06S?
- Korleis legg lærarane til rette for tilpassa opplæring i dei aktuelle faga, og korleis følgjer dei opp og vurderer elevane sine arbeid?
- Er LK06S med på å endre lærarane sin måte å tenkje om læring og undervisning på, og eventuelt i kva grad?
- Kor mykje fokus har lærarane på utvikling av elevane sine grunnleggjande ferdigheiter, og korleis oppfatar og tolkar dei dette gjennom arbeidet med dei ulike faga?
- Korleis bryt lærarane ned måla for dei grunnleggjande ferdigheitene?
- Korleis planlegg lærarane for utvikling av grunnleggjande ferdigheiter, og korleis følgjer dei opp og vurderer elevane si utvikling av desse ferdigheitene?
- I kor stor grad meiner lærarane at kompetansemåla, slik dei er formulerte, gir godt nok grunnlag for sluttvurdering?
- Kva for system er bygd opp på skolen som grunnlag for gjennomføring av sluttvurdering, og i kva grad utgjer slike system ein integrert del av verksemda ved skolen?

- Korleis opplever elevar og foreldre innføringa av KL06S?

1.9 DEN VIDARE FRAMSTILLING

I denne første rapporten frå evalueringsprosjektet vil vi berre kunne gå inn på ein mindre del av dei forskingsspørsmåla som vi her har tatt opp. På grunn av utsettingar med tilgjenge til det kvantitative materiale, har vi i denne omgang ikkje kunna trekkje vekslar på dette. Analyse av dette kvantitative materialet vil utgjere ein vesentleg del av neste rapport frå prosjektet. Det empiriske grunnlag for det som blir lagt fram i denne rapporten, er intervju med relevante instansar for å nærme seg problemstillingane for dei to delprosjekta 1 og 2, og det er innhaldsanalysar og litteraturstudiar med sikte på vurdering av sjølv LK06S som læreplan innan ramma for Delprosjekt 3.

I det følgjande skal vi først i eit kort metodekapittel, Kapittel 2, gå litt nærmare inn på det metodiske grunnlaget for den empiri som blir lagt fram. Framlegging, drøfting og analyse av denne empiri blir presentert i to større kapittel. Problemstillingar knytte til delprosjekta 1 og 2, og som tematisk grip mykje inn i kvarandre, blir behandla i Kapittel 3, medan dei førebelse analysane av sjølv læreplanen utgjer Kapittel 4 i denne rapporten. Endeleg blir rapporten runda av med eit oppsummerande Kapittel 5.

2. FORSKNINGSTILNÆRMING

Kitt Lyngsnes, Britt Kramvig og Karl Jan Solstad

2.1 INNLEDNING

Vi har i innledningskapitlet (pkt. 1.1) gitt noen kommentarer til evaluering av skolereformer generelt og til vårt evalueringsoppdrag spesielt. Til slutt i dette innledende kapitlet (pkt. 1.8) skisserte vi også selve prosjektmodellen med sine tre delprosjekt, og la fram viktige konkrete forskningsspørsmål som vårt evalueringsarbeid skal søke å belyse. Vi vil her mer eksplisitt si noe om den forsknings- eller evalueringsprofil som vi legger oss på. Videre skal vi utdype kompleksiteten i det vi kunne kalle det ”samiske univers”. Dette er det viktig å ha et klartest mulig bilde av både for kartleggingsdelen av prosjektet og for å kunne gjøre strategiske valg for kasusstudier. Nærværende rapport baserer seg i alt vesentlig på dokumentstudier og intervju av strategiske aktører. Vi vil derfor til slutt i dette kapitlet redegjøre for noen av de faglige utfordringer en står overfor i den type intervjusituasjoner som vi her har å gjøre med.

Evalueringsprosjektet som studerer implementeringen av Kunnskapsløftet Samisk består av tre delprosjekt. Delprosjekt 1 fokuserer på hvilke forberedelser som er gjort av skoleeiere og andre aktører (som Sameting og fylkesmenn) når det gjelder implementeringen av LK06-S og på kvaliteten av disse. Delprosjekt 2 søker å avdekke i hvilken grad virkemidlene (utenom læreplanen) knyttet til LK06-S er styrende for arbeidet i skolen, mens Delprosjekt 3 konsentrerer seg om hvordan selve læreplanen virker styrende for det pedagogiske arbeidet overfor de samiske elevene. Gjennom spørreskjema, dokumentanalyser og kvalitative intervjuer innhentes data som er relevante for alle de tre delprosjektene.

I perioden fra evalueringsoppdraget ble tildelt til denne rapporten foreligger, har det skjedd en del endringer i forhold til den opprinnelige planen for evalueringen av implementeringen av LK06-S. Dette gjelder blant annet prosjektets plass i den kvantitative fellessurveyen som gjennomføres i evalueringen av Kunnskapsløftet. I dette kapitlet skisserer vi derfor først i korthet den datainnsamlingen som opprinnelig ble planlagt, ulike faktorer som har hatt betydning for endringer

underveis i arbeidet og konsekvenser av disse, før vi går mer grundig inn på undersøkelsene som det presenteres data fra i denne underveisrapporten.

2.2 EVALUERING AV EN SKOLEREFORM

I forskningslitteraturen kan en finne varierende definisjoner av evaluering, og dermed også hvilke tilnærminger som legges til grunn for et evalueringsoppdrag (Patton 2008; Sverdrup 2002). Et evalueringsoppdrag skal svare på de spørsmål som oppdragsgiver stiller. Ulike tilnærminger til evaluering besvarer gjerne ulike spørsmål (Kvitastein 2002), og det overordnede spørsmålet ved formative evalueringer eller prosessevalueringer dreier seg som regel om hvorvidt det ser ut som tiltaket eller programmet er på rett veg. For evalueringsforskeren blir oppgaven å arbeide ut fra hypotesen om at det er på rett veg, gitt dets målsettinger (ibid: 9)

I konkurransegrunnlaget for evalueringen av Kunnskapsløftet (Sak 2006/4133) forutsettes det løpende underveisrapportering fra prosjektene. Evalueringen av LK06S er lagt opp som et fire-femårig løp. Dette åpner for det Chilemsky (1997) omtaler som et *utviklingsperspektiv* på evalueringsarbeidet. Gjennom tilbakemelding om hvordan det går med reformen, vil det være mulig for relevante aktører å justere tolkinger, utvikle/endre/supplere undervisningsmateriell, prioritere kompetanseutvikling etc. Evalueringen tjener dermed både som dokumentasjon for hvordan reformer har fungert, og til en viss grad også som implementeringsstøtte (Kvitastein 2002:101).

Enhver planlagt praksisendring i skolen må gjennomføres i en kompleks virkelighet, en virkelighet som dessuten er i endring, også utover slike planlagte nye tiltak. I tillegg kommer at selve de nye tiltakene en ønsker å studere, implementeringen av dem, og hvilke følger de eventuelt får for den samlede måloppnåelse, ofte er sammensatte. Tilfellet Kunnskapsløftet Samisk er typisk i så måte. Spesielt kompliserende i dette tilfellet er de svært ulike vilkår som arbeidet skal skje under, og grupperinger som læreplanen skal iverksettes for. Haug (2001: 419) peker på at i det han karakteriserer som et "samansett landskap" vil verdien av en forskningsbasert evaluering blant annet ligge i at den kan rydde opp, systematisere og eventuelt forklare eller øke forståelsen for området. En evaluering kan ikke direkte løse utfordringene som ligger i det nye tiltaket eller reformen, men

den kan bidra til større innsikt i hvordan slike prosesser foregår. Dette er helt i tråd med de generelle betraktninger om hva forskning kan bidra med for å bedre praksis i skolen (pkt. 1.1). Evaluering av en reform eller ”tiltaks pakke” som Kunnskapsløftet, eller av sider ved denne, kan derfor ikke ventes å gi svar av typen ”suksess” eller ”fiasko”. Det evalueringen vil kunne bidra til, er bedre innsikt i vilkårene for at tiltakene skal virke.

Hvor god en evaluering i en slikt sammensatt kontekst blir, avhenger av den fantasi og kapasitet forskerne har til å stille gode spørsmål, få tilgang til forskningsfeltet, hente inn data, kople teori og data, og endelig formidle resultatene til praksisfelt, fagkolleger og oppdragsgivere (Almås 1990). Datatilfang og kvalitet på disse data er avgjørende viktig. Det vil måtte kompromises mellom på den ene side det ideelt ønskelige datatilfang (utvalg, tid, art og omfang av data) ut fra foreliggende problemstillinger, og på den andre det omfang og den kvalitet på data som er gjennomførbart. Én begrensning ligger i tid og ressurser som det er mulig å frigjøre for arbeidet, men en annen, og ofte like sterk, begrensning er knyttet til hva som er akseptabelt for de personer og miljø som evalueringen retter seg mot. At vi i dette prosjektet dels har å gjøre med få og små enheter og med minoriteter, forsterker disse problemene.

2.3 KJENNETEGN VED DEN SAMISKE FORSKNINGSKONTEKSTEN

Som vi alt har pekt på (pkt. 1.7) skal Kunnskapsløftet Samisk implementeres overfor svært ulike grupper ut fra geografisk tilhørighet, aktuell samisk språkgruppe (nord-, lule- eller sørsamisk), personlig språkstatus (samisk som morsmål eller ikke) og foreldres/foresattes samiskspråklige kompetanse.

En viktig rammebetingelse for LK06-S, og som videreføres fra Reform 97, er begrepet ”samiske distrikt” i Opplæringslovens § 6-1 og som omfatter 1) det samiske språkforvaltningsområdet¹ og 2) andre kommuner eller deler av kommuner etter forskrift gitt av Kongen i statsråd. I de samiske distriktene² har alle i

¹ Språkforvaltningsområdet består av kommunene Kautokeino, Karasjok, Tana, Nesseby og Porsanger i Finnmark, Kåfjord i Troms, Tysfjord i Nordland og Snåsa i Nord-Trøndelag.

² I prinsippet kan vi ha ”samiske distrikt”, slik dette begrepet brukes i skoleloven, også utenfor språkforvaltningskommunene, men i praksis er ”samisk distrikt” og ”samisk forvaltningsområde” sammenfallende.

grunnskolealder rett til opplæring *i* og *på* samisk, og kan dermed følge LK06S. Elever utenfor samiske distrikt har individuell rett til opplæring *i* samisk, og rett til opplæring *på* samisk dersom flere enn ti elever i én og samme kommune krever det (§ 6-2). I videregående opplæring har alle samer rett til opplæring i samisk. Når det gjelder videregående skole, så er det skoleeier som bestemmer om den enkelte skole skal følge samisk læreplan. Dessuten kan departementet gi forskrifter om at ”... visse skolar, kurs eller klassar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag...” (§ 6-3 i Opplæringslova).

Når det gjelder faget samisk språk, har elevene også valget mellom to fagplanvarianter, Samisk 1 eller Samisk 2. Den sammensatte karakter av ”samiske elever” kan illustreres gjennom følgende matrise:

Type distrikt			Nordsamisk		Lulesamisk		Sørsamisk	
	Egen språkstatus	Fagplan-variant	Samisk skole	”Heimeskole”	Samisk skole	”Heimeskole”	Samisk skole	”Heimeskole”
Sametinget sitt arbeid med læreplanutviklinga for Kunnskapsløftet var frustrerende av fleire grunnar. Sein avklaring av mandatet for Sametinget, var ein; usemje med Utdanningsdirektoratet om forholdet mellom dei "norske" og dei samiske planane, ein annan; og svært kort tid mellom godkjenning av dei samiske planane og tidspunkt for implementering, var ein tredje grunn for slik frustrasjon.

Sametinget forvaltar ulike støtteordningar som språkmotiveringsstipend til elevar med samisk i vidaregåande skole, stipend til kompetanseheving for lærarar i/på samisk og ei verkemiddelordning for læremiddelutvikling. Sametinget har utarbeidd ein strategisk plan for denne siste oppgåva.

Sametinget opplever ein del uheldige konsekvensar knytte til overgangen frå L97S til LK06S. Det blir hevda at forarbeidet før implementeringa av LK06S ikkje var godt nok. Dette har ført til ei rad problem både i grunnskolen og vidaregåande opplæring som mellom anna gjeld forholdet mellom faga norsk og samisk, og mellom samisk som andrespråk og samisk som fremmedspråk i vidaregåande skole. At L97S-faget ”samisk språk og kultur” med LK06S er tatt ut av læreplanen, vel for å leie fleire over til samisk andrespråk, har for mange elevar ført til bortval av samisk.

Sametinget skal rettleie skoledrivarane i forhold til LK06S, men har ingen instruksjonsrett overfor kommunane til dømes om kjøp av tilstrekkeleg med lærebøker. At den fagpedagogiske kompetansen på kommunenivået er svært variabel etter avviklinga av skolestyre og skolesjef ved kommuneloven av 1992, kompliserer biletet. Situasjonen aktualiserer styring i samsvar med *governance*-prinsippet.

Fylkesmennene i Finnmark, Troms og Nordland har viktige rettleiings- og tilsynsoppgåver overfor kommunane når det gjeld kommunane sitt ansvar for at elevar, kor i landet dei måtte vere, skal kunne få den opplæringa i eller på samisk som dei etter loven har krav på. Det er ei klar oppfatning at det kommunale kunnskapsnivået om elevane sine rettar til samiskopplæring er dårlegare, og informasjonsbehovet større, di lenger sør ein kjem og di lenger unna ein kjem dei tradisjonelle samiske busetingsområda. Dei tre nordlege fylkesmennene forvaltar tilskottsordningane til samiskundervisning innan sine fylke, og Fylkesmannen i Finnmark i tillegg ordninga for heile landet sør for Nordland, éi tilskottsordning for forvaltningskommunar og ei anna for dei andre kommunane.

Fylkesmennene får få klager på samiskundervisninga. Likevel blir det registrert problem med timefordelinga, særleg utanfor forvaltningsområdet, og med at mange elevar med samisk opplæring i grunnskolen fell frå ved overgangen til vidaregåande opplæring.

Ein stor del av samiskopplæringa utanfor forvaltningskommunane skjer som fjernundervisning der Fylkesmannen i Finnmark har koordineringsansvaret for nordsamisk, Fylkesmannen i Nordland for sørsamisk, medan Árran lulesamisk senter tar seg av koordineringsoppgåva for lulesamisk fjernundervisning.

Fylkesmennene har satsa mykje på å byggje opp studio på dei ulike sentra og utstyr ved dei aktuelle skolane. Dei par siste åra har talet på grunnskoleelevar som vel samisk, og då oftast som andrespråk, gått ned i Finnmark og Troms, men markant opp i Nordland. Særleg for kommunar som tidlegare ikkje har hatt samiskundervisning, er behovet for rettleiing stort.

Fylkesmennene med ansvar overfor samiskopplæring deltar på regulær basis i fleire nettverk/samlingar om samisk opplæring som todagarssamlingar for Fylkesmannen i Finnmark, Sametinget og Samisk høgskole, randkommunenettverk for kommunar i Finnmark og Troms utanfor forvaltningskommunane (gjeld fylkesmennene i Troms og Finnmark) og samarbeidsmøte mellom fylkesmennene i Nordland, Troms og Finnmark, Sametinget og Samisk høgskole der òg Fylkesmannen i Nord-Trøndelag i det siste er trekt inn. Dessutan møttest dei tre nordlege fylkesmennene årleg med representantar for tilsvarende forvaltningsnivå i Finland og Sverige.

På grunn av fylkesmannens mange oppgåver som informant (formidlar av sentrale signal), rettleiar, pådrivar, kontrollinstans/kvalitetssikrar og forvaltar av tilskottsordningar overfor kommunane, som bindeledd mellom lokalt og sentralt nivå, som koordinator mellom kompetansemiljø og fylke/kommunar m.v. blir fylkesmannen sentral i forhold til utøving av styring gjennom *governance*-prinsippet. Det synest å vere eit problem at sentrale mål, visjonar og signal ikkje alltid er tydelege nok, at dei kan gje rom for ulike tolkingar og såleis for ulike prioriteringar og praksis i kommunane og på skolane. I det vidare evalueringsarbeidet blir det viktig å sjå nærare på slike forhold.

Det er skoleeigaren, kommunen og fylkeskommunen, som er ansvarleg for at elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring får den samiskopplæring som dei har krav på. I prinsippet står skoleeigar med sine skolar fritt i val av organisering og arbeidsmåtar, men tilrettelegginga må vere i samsvar med første punktet i samisk læringsplakat, det vil seie at opplæringa skal vere kvalitetsmessig god og "...med basis i samisk språk, kultur og samfunnsliv".

Unntaka frå regelen om eigarskap er dei to samiske vidaregåande skolane i Karasjok og Kautokeino og den samiske grunnskolen i Hattfjelldal. Desse skolane

har sine egne styre direkte underlagt staten, medan sameskolane i Målselv og Snåsa blir drive av dei respektive kommunane.

Det blir gjeve opplæring i samisk ved i alt 27 vidaregåande skolar utanom dei to samiske skolane; fem i Finnmark, seks i Troms, ti i Nordland og ved ein skole i Nord-Trøndelag og fire i Sør-Trøndelag. På grunnlag av våre samtalar med fylkeskommunane i Finnmark, Troms og Nordland kan vi mellom anna peike på følgjande:

- Alle tre fylka tar på alvor ansvaret for samiskopplæringa innan vidaregåande opplæring. Nordland har etablert samarbeid med Hedmark og trøndelagsfylka i samband med sørsamisk. Troms har fokusert på at ingen elevar skal ut av vidaregåande opplæring utan kunnskap om samiske forhold. Finnmark legg vekt på å sjå heilskapleg på opplæringa i samisk språk og i andre fag. Finnmark fylkeskommune er pådrivar for etablering av nettverk mellom lærarar som underviser i samisk. I Nordland, der det er elevar på alle tre samiske språkvariantar, kan elevane som tar samisk søke fylket om språkstipend.
- Fem av dei ni vidaregåande skolane i Finnmark som gir opplæring i samisk, har samisklærarar. I Troms og særleg i Nordland blir mykje av samiskopplæringa drive som fjernundervisning frå Nordreisa vidaregåande skole. Elevar frå seks skolar i Troms og to i Nordland får slik fjernundervisning, i alt om lag 60 elevar.
- Satsinga på samisk i Troms og Nordland har ført til at fleire elevar tar slik opplæring. Dei fleste treng begynnarpplæring sidan dei er utan, eller berre har svært dårlege, forkunnskapar.
- Av timetekniske grunnar lar samiskopplæringa på vidaregåande skole seg lettast organisere som fremmenspråk, men refusjonsordninga er då dårlegare enn den som gjeld for samisk som første- eller andrespråk. Dette blir sett på som eit problem.
- Spesielt i Finnmark rapporterast det om stort fråfall frå samiskopplæringa, særleg for elevar på yrkesfag

Når det gjeld skoleeigarar for grunnskole, må vi skilje mellom skoleeigarar innanfor og utanfor det samiske forvaltningsområdet. Vi har gjennomført intervju og samtalar med tre forvaltningskommunar, Karasjok, Tysfjord og Snåsa. Desse er

svært ulike. I nordsamiske Karasjok, sentral i det samiske kjerneområdet og forvaltningskommune frå ordninga kom med Sameloven av 1987, er samane i klar majoritet med nærmare 90 % samisktalande av kommunen sine om lag 3.000 innbyggjarar. Det lulesamiske innslag i Tysfjord, med eit folketal på om lag 2.000 og forvaltningskommune frå 2006, er vanskeleg å fastslå, men personar som reknar seg som lulesamar kan vel vere opp mot 25 %, noko færre som i dag kan språket. Snåsa kom med som forvaltningskommune i 2008, og her utgjør den sørsamiske delen av folkesetnaden berre om lag 5 % av dei noko over 2.100 innbyggjarane. Sidan kommunane er så ulike, vil vi her i oppsummeringa berre trekkje fram nokre funn særleg relevante for desse kommunane kvar for seg.

I Karasjok er det i dag berre éin barneskole og éin ungdomsskole, nærmast samlokalisert og med felles rektor. Det er ein to-nivåkommune der rektor har mange forvaltningsoppgåver som elles ligg i kommuneadministrasjonen. I kommuneadministrasjonen er det skoleansvarleg person i 50 % stilling. Slik sett er Kunnskapsløftets intensjon om større ansvar på skolenivået innfridd. I tida etter L97S er det utvikla eit omfattande lokalt planverk, med "tospråklighetsplanen" som den sentrale. Planen skal gjere det lettare å realisere LK97S i samsvar med læringsplakaten. Læremiddelsituasjonen blir vurdert som problematisk, både for samisk språk og for andre fag, noko som har ført til at implementering av LK06S har gått unødig treg. Då undervisninga frå 2006 blei drive i tospråklege eller reine samiskklassar etter LK06S, kom det protester frå foreldre som meinte at borna deira ikkje var gode nok til å følgje undervisninga på samisk. Det blir no undervist i klassar på norsk etter ein fådelt modell (aldersblanding). I Karasjok er det ikkje problem med å skaffe lærarar med gode kunnskapar i samisk, men det formelle kompetansenivået bør bli høgare i forhold til mange fag om undervisninga etter LK06S skal bli fullgod.

Tysfjord tok LK06S i bruk for alle elevar frå hausten 2006. Det blir undervist i og på lulesamisk ved to av dei fire skolane. I alt har 60 elevar samisk, nærmare halvparten av desse som førstespråk. Rektorkollegiet opererer i nettverk og samarbeider tett om løysingar på problem i samband med verkeleggjering av LK06S, mellom anna om lokale læreplanar og om tiltak for kompetanseheving. Drag skole er ressurskole for utvikling av lulesamiske læremiddel og har fått tildelt ressursar frå Sametinget for denne oppgåva. Kommunen har gått saman med

RKK Ofoten¹⁹ om studietilbod innan samisk kulturkunnskap, men det kan synest vanskeleg i tida framover å sikre tilstrekkeleg med lærarar som har formell lulesamisk språkkompetanse. Eit særleg problem i arbeidet for at elevane skal bli funksjonelt tospråklege, er det at mange av desse elevane kjem frå norsk einspråklege heimar. Kommunen vurderer det som positivt at Fylkesmannen i Nordland har fått det formelle koordinerings- og utviklingsansvaret for lulesamisk.

Snåsa som først blei forvaltningskommune i 2008, har røynsle med LK06S også som ”vanleg” kommune med samiske elevar. Også Snåsa er tonivåkommune slik at det er kort veg frå den kommunale leiinga til leiinga ved dei fire skolane i kommunen. Den eine av desse er Åarjel-saemiej skuvle Snåasesne (Sameskolen i Snåsa) som frå 1968 blei den andre sørsamiske internatskolen i landet. I dag ønskjer dei aller fleste sørsamiske foreldre at samiskopplæringa skal skje ved den skolen som elevane geografisk soknar til. I kommunen er det 30 elevar som har undervisning i eller på samisk, om lag halvparten av desse ved sameskolen. Målet for sameskolen er at elevane skal bli funksjonelt tospråklege. Sameskolen er elles ressurscenter for sørsamisk opplæring, mellom anna med ansvar for fjernundervisning for elevar frå andre kommunar. Som forvaltningskommune følgjer alle elevane i kommunen LK06S, men det vil ta tid å få innhaldet i alle fag fullt ut i samsvar med den samiske læreplanen. Det er utarbeidd lokale læreplanar for faga duodji og musikk. Det blir sett på som eit problem at elevane som har undervisning i samisk, får fleire timar enn andre elevar. Det blir vurdert politisk og administrativt å auke timetalet også for andre elevar slik at alle får likt timetal. Det har lukkast å rekruttere lærarar med sørsamisk kompetanse, med rekrutteringsgrunnlaget er tynt og tilbodet med det sårbart.

Som representantar for kommunar utanfor det samiske forvaltningsområdet, men som likevel har mange elevar med opplæring etter LK06S, valde vi dei to store kommunane Alta og Tromsø.

I Alta kommune har det i fleire år vore undervisning i samisk ved dei fleste av kommunen sine i alt 19 grunnskolar. Så er det då òg eit sterkt samisk innslag i befolkninga og ein levande samisk kultur i mange lokalsamfunn. Det har til no ikkje blitt undervist *på* samisk i kommunen, men det arbeidast no (2009) med å få

¹⁹ RKK Ofoten (Regionalt kontor for kompetanseutvikling) er eit samarbeidsorgan for kommunane i Ofoten.

oppretta ein slik klasse som kommunen etter Opplæringslova må gjere om minst ti elevar ønskjer det. Det blir vurdert som ei stor utfordring kostnadmessig og med omsyn til kvalitet at samiskopplæringa skjer ved så mange skolar. Det blir vurdert å tilsette ein fast vikar for samiskundervisning i kommunen for at undervisninga i samisk skal bli mindre sårbar når den eine kvalifiserte læraren ved ein skole er fråverande. Det blir for inneverande skoleår gjort endringar i organiseringa av samiskundervisninga gjennom samarbeid mellom nærliggjande skolar for å oppnå større grupper og betre utnytting av lærarressursane. Kommunen er kritisk til Rundskriv F12 om timefordeling til samiskundervisning. Rundskrivet kom for seint og det er vanskeleg å tolke. Kommunen peikar på at for ein kommune utanfor forvaltningsområdet er dei statlege refusjonsordningane ikkje tilstrekkelege til å dekkje meirkostnadene ved å gje dei samiske opplæringa som elevane har krav på. Kommunen får heller ikkje av dei konverteringsmidlane som forvaltningskommunane har tilgjenge til. Den desentraliserte skolestrukturen, og det at samiskopplæringa går føre seg på mange skolar, har gjort det naturleg å etablere samiske lærarnettverk som mellom anna har stått for utvikling av fagplanar for samiskundervisninga. Nettverket får ekstra timeressursar for å løyse oppgåver som planarbeid, vurdering og kompetanseheving.

Innan Tromsø kommune er det tradisjonelt sterke sjøsamiske miljø i tillegg til at det er reindriftsfamiliar med lange tradisjonar både på øyane og på fastlandet. Dessutan er det eit visst samisk innslag i student- og forskarmiljøa. For samiske elevar i sentrale delar av kommunen er samiskundervisninga samla ved Prestvannet skole (Báhpajávri skuvla), noko foreldra ser på som positivt. Alle lærarane som underviser i samisk, er formelt kvalifiserte. Ein del lærarane har ansvaret for samiskundervisning ved fleire skolar. Det gjer det mogleg både å gje elevane undervisning ved heimeskolen, og i større grad å sikre lærarar med god kompetanse fordi større stillingsdel er knytt til samisk. Samiskundervisning omfattar i dag nærmare 150 elevar, og ni fast tilsette samiske lærarar står for denne opplæringa ved i alt 21 skolar. Men løysinga er timeplanteknisk krevjande fordi fleire skolar må samordne sine timeplanar. Kommunen vedtok i 1996 ein handlingsplan for samisk kultur og næring. I kjølvatnet av denne planen kom det etablering av Samisk kulturhus/urfolkssenter og Senter for samiske barn. Det er i kommunal regi eit samiskspråkleg barnehagetilbod, og i tillegg driv Student-samskipnaden òg ein samisk barnehage. Kommunen driv aktivt rekrutteringsarbeid retta mot studentar ved høghskole/universitet. Med Prestvannet skole som

koordinator blir det organisert faste møter kvar veke for alle samisklærarane i kommunen. Det blir arbeidd både med utvikling av undervisningsmateriell og metodiske opplegg. Det kan synest som at Tromsø si løysing ved å leggje ansvaret for koordinering og kompetanseoppbygging i forhold til implementering av LK06S til éin rektor og éin skole, har verka heldig.

5.4 LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET SAMISK – EIN FØRSTE ANALYSE

Den samiske læraren Per Fokstad sitt private framlegg overfor Den parlamentariske skolekomisjonen midt på 1920-talet om ein samisk læreplan sette spor verken i skoleloven (1936) eller Mønsterplanen (1939) som kom etter dette planarbeidet. Først med lov- og planarbeid på 1960- og 1970-talet kjem retten til undervisning *i* samisk inn i formelle styringsdokument. Men det skulle enno gå 20-30 år før det var snakk om anna enn ”norsk” skole for samiske barn. Likevel, Mønsterplanen av 1974 (M74) opna for opplæring *i* samisk språk og samisk kultur, men då på dei lågaste klassestega. Under forarbeidet til den neste norske læreplanen, Mønsterplanen av 1987 (M87) kom samisk fagekspertise ved Samisk utdanningsråd (etablert 1975) for første gong med i planarbeidet. I forhold til samisk språk og kultur var planen langt meir konkret og gjekk vesentleg lenger enn M74. Ambisjonen for den samiske språkopplæringa var å gjere elevane funksjonelt tospråklege slik at dei skulle kunne ”...føle seg hjemme i to kulturer”.

Det er med Det samiske læreplanverket for den 10-årige grunnskolen av 1997 (L97S) ambisjonen om ein ”samisk skole” blir lansert. ”Samisk skole” er då ein klasse, ein skole eller ein kommune som følgjer L97S. Det blir i prinsippdelen av planen streka under at opplæringa skal sikre ei positiv [samisk] identitetsutvikling og gjere elevane funksjonelt tospråklege. I eit omfattande evalueringsarbeid får planen både ros og ris. At planen trekkjer fram omgrep som *urfolksperspektiv*, *samisk perspektiv* og *fleirkulturelt perspektiv* er positivt, men det syntest vanskeleg for kommunane i den praktiske utforming av skolen fullt ut å følgje opp slike perspektiv. Likeins får L97S i evalueringa ros for intensjonane for mormålsopplæringa, men det blir hevda at planen ikkje nok tar omsyn til kor fattige og utarma dei arenaane er der samisk språk faktisk blir brukt. Planen føreset at dei samiske elevane har den same støtte i dagleglivet utanfor skolen, og i tilgang

på samisk skriftleg materiale (aviser, blad, bøker) for morsmålsopplæringa, som norskspråklege elevar til vanleg har det i norskspråklege miljø. I denne oppfølgjande evalueringa av L97 blir det òg set eit stort spørsmål ved den språklege kompetansen for lærarar i ”samisk skole”. Berre kvar tredje lærar meinte sjølv at dei skreiv samisk ”godt”. Endeleg tok evalueringsarbeidet opp spørsmålet om læremiddelsituasjonen i forhold til realisering av L97S. Svaret som evalueringa gav, var det vanlege, at samiske læremiddel er mangelvare både på kommune- og skolenivå. Konklusjonen på dette evalueringsarbeidet av samisk skole etter L97S kan sjå slik ut: Gode intensjonar, men for liten realisme i forhold til vilkåra for å følgje opp intensjonane. Vil LK06S og ramma om implementeringa av denne kome heldigare ut?

Før vi prøver oss på eit svært så førebels svar på dette spørsmålet, skal vi røkje etter dei tidlege spor av samisk skole òg på vidaregåande nivå. Faktisk kom det ein samisk folkehøgskole i Karasjok alt i 1936 som gav undervisning i samisk språk og kultur. Etableringa var ikkje uttrykk for majoritetens omsorg for å ta vare på det samiske, men for Finnemisjonens prioritering av ”sjelefredelse” for samisk ungdom framfor fornorsking. Seinare, i 1952, kom ein statleg samisk yrkes- og husflidsskole i Kautokeino, og i 1969 blei det oppretta gymnasklassar i Karasjok med samisk som fag. Planarbeid på 1970-talet representerte ei sterk oppvurdering av samisk språk og kultur, og eit gjennomslag for idéen om at likestilling blir oppnådd ”...gjennom likeverd meir enn gjennom likskap”, slik tidlegare rektor for gymnaset i Karasjok, Jon E. Einejord, formulerte seg i 1994. Reformstrevet på 1990-talet (R94) med sterk målstyring av arbeidet i skolen gav mindre rom for lokale tilpassingar, noko som i den samiske vidaregåande skolen hadde opna for samiske emne og samisk språk. Utan at dette var formulerte mål, representerte strukturreformane i 1990-åra i praksis eit visst tilbakeslag for det samiske på vidaregåande nivå.

Kva så med det nye læreplanverket LK06S? Som ein reiskap i våre analysar vil vi bruke Goodlads nærmast klassiske læreplanmodell frå 1979 der han opererer med dei fem nivåa frå dei samfunnspolitiske intensjonane via den formelle og oppfatta læreplan (sjølve læreplanen og korleis han blir tolka) til den gjennomførte og opplevde læreplanen (undervisninga og elevane si oppleving). I tillegg vil vi trekkje vekslar på ein utvida versjon av den didaktiske relasjonsmodell, òg mykje

brukt i norske læreplananalysar. I denne ”utvida” modellen er språk og kultur trekt inn som didaktiske kategoriar, noko som er viktig i vår samanheng.

LK06S har som sin forgjengarar L97S og R94 tre hovuddelar; den generelle læreplanen, prinsipp for opplæringa og læreplanar for fag. Jamvel om innhaldet i den generelle delen, som i Goodlads modell kan seiast å representere *idéane* sin læreplan, så er dette del av den *formelle* læreplanen. Denne delen er utan endring ført vidare frå L97S og R94, den er identisk for LK06S og LK06 og ligg føre både i samisk og norsk språkdrakt. Men denne generelle delen av læreplanen er ikkje berre visjonær ved at han prøver å formulere kva det er slags sider ved mennesket som vi gjennom det 13-årige skoleløpet skal søke å utvikle, i alt sju aspekt frå det meiningsøkande til det integrerte menneske. Planen, som byggjer på eit konstruktivistisk kunnskaps- og læringssyn med tru på den aktive elev i ein elevaktiv skole, formulerer òg i generelle vendingar overordna mål som det i skolen skal arbeidast mot, og som ein skal vurdere om ein nærmar seg. I omtalen av det meiningsøkande mennesket finn vi det einaste i denne delen av læreplanen med spesifikk referanse til det samiske. Det blir her streka under at samisk språk og kultur er del av vår kulturarv som må ha ein plass i skolen, og at dette for dei samiske elevane er viktig for å styrke deira samiske identitet.

I *Prinsipper for opplæringa i Kunnskapsløftet – Samisk (PFO-S)*, som kan seiast å vere presiseringar av den generelle læreplanen om korleis læring kan fremjast i skolen. For vidaregåande opplæring er slike ”presiseringar” noko nytt, men for grunnskolen er PFO og PFO-S med sine seks sider vesentleg mindre detaljert og såleis mindre føreskrivande enn den tilsvarande delen av L97S på heile 35 sider (rett nok mykje spalteplass til biletmateriale!). Faktisk er desse ”prinsippa” i alt vesentleg berre presiseringar av opplæringsloven og av den generelle delen av læreplanen. Dette er då òg ein konsekvens av eit nytt syn på læreplanlegging og på arbeidet i skolen, nemleg at arbeidet skal styrast av måla for faga, og så er det opp til den enkelte skole og lærar som profesjonsutøvarar å finne vegen fram. Det som PSO-S (og PSO) gjev av klare tilrådingar eller krav til opplæringa, er samla i den såkalla *læringsplakaten* der det i 12 (for PSO 11) korte punkt blir presisert kva skolen og lærebedrifta skal få til. Plakaten er identisk for den samiske og norske læreplanen, berre med den skilnad at LK06S har følgjande innleiande punkt: ”Den samiske skolen og lærebedriften skal legge til rette for at elevene/lærlingene får en kvalitetsmessig god opplæring med basis i samisk språk, kultur og samfunnsliv.”

Her er det klare referansar til ILO-konvensjonen frå 1989 og til FN si fråsegn om urfolk frå 1994. Skal læringsplakaten og PFO-S i det heile etterlevast, må skolen og lærebedriften ha kompetanse innan samisk språk, kultur og samfunnsliv, men òg generell innsikt i samfunn og naturforhold, i å kunne sjå lokalsamfunn og minoritetsgrupper i ein nasjonal samanheng og i globalt perspektiv. I det vidare evalueringsarbeid blir det viktig å gå inn på i kva grad slike vilkår blir møtt.

Medan den generelle delen av læreplanen og prinsippdelen inklusive læringsplakaten kan seiast å vere den formaliserte versjonen av ideane læreplan, er sjølve fagplandelen det som ein først og fremst tenkjer på som den *formelle* læreplanen i Goodlad sitt system. Fagplanane innan Kunnskapsløftet skil seg prinsipielt frå tidlegare tilsvarende planar ved at dei ikkje (i prinsippet iallfall) presiserer *kunnskapsmål*, men konsentrerer seg om *kompetansemål*, og då om mål som skal kunne målast i kva grad dei er nådde. I så måte fell planane inn i eit internasjonalt mønster og har klare parallellar i planar som vi har sett i land som Sverige og Storbritannia.

Så ulike som vilkåra er i dei miljøa der LK06S skal implementerast, og så ulik situasjonen er for den enkelte samiske elev eller elevgruppe, blir dei rom som planen gjev for individuell og lokal tilpassing av læringsarbeidet, avgjerande for om kompetansemåla skal kunne nåast tilfredsstillande. LK06S (og LK06) går inn på fleire strategiar for å kunne møte ulike individuelle eller lokale behov for særskilt tilpassing av læringsarbeidet. Under omtalen av *tilpassa opplæring* blir det presisert at eleven skal kunne delta i planlegging, gjennomføring og vurdering, dette for å sikre at det skal bli tatt omsyn til elevens særlige behov, eller at nye tilretteleggingstiltak for læring skal kunne justerast i forhold til slike. *Programfag til val/Utdanningsval* er eit nytt fag i LK06S (og LK06) som etter intensjonen skal gje auka fleksibilitet og mjukare overgangar i det 13-årige læringsløpet. *25 % lokalt innhaldsval* og *prosjekt til fordjuping* er andre nye element i Kunnskapsløftet sine læreplanar som opnar for individuelle og lokale prioriteringar. I det vidare evalueringsarbeidet blir det viktig å sjå korleis skolane nyttar dei frirom som læreplanen formelt opnar for i arbeidet for ein kvalitetsmessig god opplæring med basis i samisk språk, kultur og samfunn, for igjen å referere til det første punktet i den samiske læringsplakaten.

Kor spesifikt samisk er så LK06S i forhold til LK06? Læringsplakaten hadde eit samiskspesifikt tilleggspunkt (sjå ovanfor). I PFO-S elles er omtalen noko utvida i forhold til PFO på ein del punkt der det samiske innhaldet er trekt fram. Det blir presisert at opplæringa skal styrke og utvikle den samiske eleven sin identitet ved å utvikle elevens språklege og kulturelle bakgrunn. Utanom faga samisk og duodji er òg fagplanane i LK06 og LK06S svært like og dels heilt samanfallande. No skal vi i vårt vidare evalueringsarbeid konsentrere oss om faga *samisk* og *samfunnsfag samisk*.

Samisk som førstespråk kan oppfattast som parallell til norsk i LK06. I prinsippet er då òg samisk sidestilla med norsk som eit offisielt språk i Noreg, samisk med tre variantar, norsk berre med to. Planen legg vekt på at språket skal takast vare på og vidareutviklast, noko som Noreg har eit særleg ansvar for sidan samane som gruppe er vesentleg større enn i grannelanda Sverige, Finland og Russland. Kompetansemåla i planen for samisk er set opp slik at dei gjev stort rom for lokale tolkingar og for definerings av innhald og for metodiske val.

Planen for samfunnsfag i LK06S legg i dei overordna måla vekt på å sjå *Sapmi* i samanheng og samane som eitt folk busett i fire land. Det blir lagt vekt på styrking av samisk identitet basert på ”en trygg forankring i egen kultur”, og på verdien av eit omfattande samspel med lokalsamfunnet, noko som òg blir sett i samanheng med dei samiske elevane si identitetsbygging. Korleis og i kva grad dei ulike skolemiljøa har makta å leve opp til slike intensjonar i læreplanen, blir igjen tema for det vidare oppfølgingsarbeidet.

REFERANSAR

Almås, R. (1990): *Evaluering på norsk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Balto, A. (2009) *Sámi oahpaheaddjit sirdet árbevirolaš kultuvrra ođđa buolvvaide. Dekoloniseren akšuvdnadutkamuš Ruota beale Sámis*. Guovdageaidnu: Dieđut.

Barnhardt, R. (1974): Educating across Cultures: The Alaskan Scene. I Orvid, J. & Barnhardt, R. (red.): *Cultural Influences in Alaskan Native Education*. Fairbanks, Alas.: University of Alaska, s. 5-10.

Bullock, A. og Stallybrass, O. (1977): *The Fontana Dictionary of Modern Thought*. London: Fontans Books.

Bøe, J.B. (1995): *Faget om fortiden. En oversikt over det historiedidaktiske området*. Oslo: Universitetsforlaget.

Chelimsky, E. (1997): The Coming Transformation in Evaluation. I E. Chelimsky & W.R. Shadish (red.) *Evaluation for the 21st Century. A Handbook*. London: SAGE, s. 1-26.

Coleman, J., Campbell, E.Q., Hobson, C.J., McPartland, J., Mood, A.M., Weinfeld, F. og York, R.L. (1966): *Equality in Educational Opportunity*. Washington D.C.: U.S. Government Printing Office.

Dahl, H. (1957): *Språkpolitikk og skolestell i Finnmark 1814-1905*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dahl, H. (1976): *Tromsø offentlige lærerskole i 150 år*. Tromsø: Tromsø lærerskole.

Dieđut 7/2000. (Dieđut er en informasjonsserie som Sámi Instituhtta – Nordisk Samisk Institutt årlig gir ut som orientering om sin faglige virksomhet.)

Dokka, H.J. (1967): *Fra allmueskole til folkeskole*. Oslo: Universitetsforlaget.

Einejord, J. E. Fra "Karasjok gymnasklasser" via "Karasjok gymnasklasser med samisk" til "Samisk vidaregåande skole - Sámi joatkkaskuvla" I Eriksen, L. (red.): (1994) *Čehppodat Sámiid Várás - Kunnskap og dyktighet. 25 jagi ávvočála - 25 års festskrift 1969-1994, Sámi --joatkkaskuvla, Kárášjogas - Samisk videregående skole, Karasjok*. Karasjok: Sámi joatkkaskuvla, Kárášjogas - Samisk vidaregåande skole, Karasjok.

Engelsen, B.U. (2004): *Kan læring planlegges? Arbeid med læreplaner - Hva, hvordan, hvorfor?* Oslo: Gyldendal.

Engelsen, B.B. (2008): *Kunnskapsløftet – sentrale styringssignaler og lokale strategidokumenter*. Oslo: Universitetet i Oslo. (Rapport nr. 1 fra prosjekt innen program for evaluering av Kunnskapsløftet.)

Eriksen, H.K. (1981): Vandrere til havet. *Nord-Norsk Magasin*, 4. Årg., nr. 6, s. 32-33.

Eriksen, K.E. og Niemi, E. (1981): *Den finske fare*. Oslo: Universitetsforlaget.

Folkenborg, H.R. (2008): *Nasjonal identitetsskapning i skole. En regional og etnisk problemstilling*. Tromsø: Eureka Forlag.

Fullan, M. (1991): *The New Meaning of Educational Change*. London: Cassell.

Galton, J. (1995): *Crisis in the Classroom*. London: David Fulton.

Germeten, S. (2008): *Kunnskapsløftet – rektorer om innføring av en ny læreplan*. Rapport 1 fra prosjektet "Tilpasset opplæring, spesialpedagogikk og fagdidaktikk ved innføring av Kunnskapsløftet i Finnmark" (TOPFAG). HIF-rapport 2008:3. Alta: Høgskolen i Finnmark.

Gundem, B.B. (1987): Finnes det en fruktbar innfallsvinkel til læreplanarbeid? *Norsk pedagogisk tidsskrift* nr 4, s. 177-190.

Gundem, B.B. (1990): *Læreplanpraksis og læreplanteori. En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.

Gundem, B.B. (1993) *Mot en ny skolevirkelighet?* Oslo: Ad notam Gyldendal.

Gundem, B.B. (1996) Læreplanen – Teoretisk og historisk perspektiv. *Schola*, nr. 4, s. 20-23.

Gundem, B.B. (2004): Læreplan som instrument for politisk styring – noen innfallsvinkler. *Bedre skole*, 2/2004, s. 30-35.

Halsey, A.H. (1972): *Educational Priority I*. London: HMSO.

Hammersley, M. og Atkinson, P. (1996): *Feltmetodikk*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Hansen, L. (2008): *Liten Storm på Kysten*. Tromsø: MARGbok.

Haug, P. (2001): Evalueringa av reform 97. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 5/2001, s. 417–430.

Helander, N (2004): *Vurdering av begynneropplæring etter læreplan i samisk*. I Hirvonen, V. (red) (2004) *Samisk skole i plan og praksis. Hvordan møte utfordringene i L97S?* Karasjok: Cálliid Lágádus-Forfatternes Forlag.

Helland, A.E. (1906): Topografisk-statistisk beskrivelse over Finnmarkens amt. I *Norges land og folk, Bind 3*. Kristiania: Aschehoug.

Henriksen, J.B. (1996): *Betenkning om samisk parlamentarisk samarbeid*. Kautokeino: Nordisk Samisk Institutt.

Henriksen, J.-O. og Vetlesen, A. J. (2000): *Nærhet og distanse. Grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Hessle, S. (1977): *Att forska med utsatta. En etiskdiskussion utifrån intervjuer med intervjuare* (No. 22). Stockholm: Barnbyn Skå.

Hessle, S. (1997): Den sociala barnavården inför 2000-talet - några lärdomar från 1900-talet. *Janus*, 5(3), s. 243-260.

Hirvonen, V. (red.) (2004): *Samisk skole i plan og praksis*. Guovdageaidnu/Kautokeino: Samisk høgskole.

Hirvonen, V. (2008): *Voices from Sápmi, Sámi Women's Path to Authorship*. Guovdageaidnu: DAT.

Hirvonen, V. og Keskitalo, J.H. (2004): Samisk skole – en ufullendt symfoni? I Solstad, K.J. og Engen, T.O. (red.): *En likeverdig skole for alle? Om enhet og mangfold i grunnskolen*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 200-219.

Hoëm, A. (1968). Samer, skole og samfunn. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, Vol. 9, s. 27-41.

Hoëm, A. (1972): Samer, skole og samfunn. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, Vol. 9, s. 27-41.

Hoëm, A. (1976): *Makt og kunnskap*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hoëm, A. (2007): *Fra noaidiens verden til forskerens. Misjon, kunnskap og modernisering i sameland 1715-2007*. Oslo: Novus forlag.

Holm, O. (1923): *Fra en nordlandsk prestegaard. Opplevelser og skisser*. Oslo: Aschehoug.

Høgmo, A. (1989): *Norske idealer og samisk virkelighet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Hætta, O.M. (1994): *Samene: historie – kultur – samfunn*. Oslo: Grøndahl Dreyer.

Hætta, O. M. (2002): *Samene Nordkalottens urfolk*. Kristiansand S: Høyskoleforlaget

Haaland, Ø. (1977): Kulturmøte som pedagogisk problem. Oslo: Universitetet I Oslo. (Hovedfagsoppgave i pedagogikk.)

Internett: Sámi Vánhenfierpmádat – Samisk foreldrenettverk.

Jackson, M. (1998): *Minima Ethnographica. Intersubjectivity and Anthropological Project*. Chicago and London: The University of Chicago Press.

Jensen, E.B. (2004): Per Pavel Fokstad – en stridsmann for samisk utdanning, språk og kultur. I Thuen, H. og Vaage, S. (red.): *Pedagogiske profiler. Norsk utdanning fra Holberg til Hernes*. Oslo: Abstrakt forlag, s. 199-224.

Jensen, E.B. (2005): *Skoleverket og de tre stammers møte*. Tromsø: Eureka forlag.

Karstensen, P. (1988): *Ranas skolehistorie*. Mo i Rana: Rana historie- og museumslag.

Keskitalo, J. H. (2004): Utvikling av ”samisk skole” og lokal tilpasning - ifølge kommunenes og skolenes planer og lærernes syn. I Hirvonen, V. (red.) (2004): *Samisk skole i plan og praksis. Hvordan møte utfordringene i LK97S? Evaluering av Reform 97*. Karasjok: Čálliid Lágádus-Forfatternes Forlag.

Koritzinsky, T. (2006): *Samfunnskunnskap Fagdidaktisk innføring*, 2.utgave. Oslo: Universitetsforlaget.

Kramvig, B. (1999): I kategoriernes vold. I H. Eidheim (red.): *Samer og nordmenn*. Oslo: Cappelen Akademiske forlag, s. 117-131.

Kvale, S. (1997): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Kvitastein, O.A. (2002): Offentlige evalueringer som styringsinstrumenter. *SNF-rapport* nr. 30/2002. Bergen: Samfunns- og næringslivsforskning AS.

Kymlicka, W. (1990): *Contemporary Political Philosophy: An Introduction*. Oxford: Clarendon Press.

Kaarhus, R. (1999): Intervjuer i samfunnsvitenskapene Bidrag til en videre metodisk diskurs. *Tidsskrift for Samfunnsforskning* (1), s. 33-61.

L93: *Læreplan for grunnskole, videregående opplæring, voksenopplæring*. Generell del.

L97S: *Det samiske læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*. Oslo: KUF.

LK06: *Læreplanverket for Kunnskapsløftet*. Midlertidig utgave 2006. Oslo: Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

LK06S: *Læreplanverket for Kunnskapsløftet Samisk*. Midlertidig utgave 2007. Oslo: Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

Lund, E. (2003): *Historiedidaktikk. En håndbok for studenter og lærere*. 2. utgave. Oslo: Universitetsforlaget.

Lund, S. (2003): *Samisk skole eller norsk standard? Reformene i det norske skoleverket og samisk opplæring*. Karasjok: Davvi Girji.

Lyngsnes, K. og Rismark, M. (2007): *Didaktisk arbeid*. 2. utgave. Oslo: Cappelen forlag.

M87: *Mønsterplan for grunnskolen*. Oslo: Aschehoug.

Magga, O.H. (2002): Samisk språk – en oversikt. I Nordisk Ministerråd: *Samiska i ett nytt årtusende*. København: Nordiska Ministerrådet, s. 9-22.

Magga, O. H. (2004): Samisk som førstespråk i grunnskolen. I Hirvonen, V. (red.) (2004): *Samisk skole i plan og praksis. Hvordan møte utfordringene i LK07S? Evaluering av Reform 97*. Karasjok. Čálliid Lágádus-Forfatterenes Forlag.

Mellingsæter, O.A. og Solberg, B. 1981: *Her nord i Vågan* av. Værøy: Lofotboka, s. 70-71.

Meløy, L. L. (1980): *Internatliv i Finnmark. Skolepolitikk 1900-1940*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Meløy, L. L. (1982): *Finnmark lærarlag gjennom 80 år*. Værøy: Lofotboka.

Minde, H. (2003): Assimilation of the Sami – Implementation and Consequences. *Acta Borealia*, 2, s. 121-146.

Niemi, E. og Aarseth, B. (1985): Kultur- og utdanningspolitikken i historisk perspektiv. I *NOU 1985: 14: Samisk kultur og utdanning*, s. 41-96.

Nilsen, N.O. og Solstad, K.J. (2002): *Sørsamisk opplæring ved heimeskolen. Ein undervegsrapport*. Bodø: Nordlandsforskning. (NF-arbeidsnotat 1006/2002.)

NOU 1975: 37: *Videregående opplæring for samer*.

NOU 1980:59: *Samisk i skolen*.

NOU 1984: 18: *Om samenes rettsstilling*.

NOU 1985: 14: *Samisk utdanning og kultur*.

NOU 1997: 5: *Urfolks landrettigheter etter folkerett og utenlandsk rett*.

NOU 2002: 10: *Førsteklasses fra første klasse*.

NOU 2003: 16: *I første rekke. Forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle*.

NOU 2007: 13: *Den Nye Sameretten*.

Oskal, N. (1999): Kultur og rettigheter. I Eidheim, H. (red.): *Samer og nordmenn*. Oslo: Gyldendal Akademisk Forlag, s. 141-163.

Parlamentariske skolekommissjon, Den (1926): *Innstilling II: Utkast til Lov om Folkeskolen på Landet*. Oslo: Det Mallingske Bogtrykkeri.

Patton, M.Q. (2008): *Utilization-focused evaluation*. Los Angeles: Sage.

Pedersen, P. og Høgmo, A. (2004): *Kamp, krise og forsoning*. Tromsø: Norut. (Norut-rapport 4/2004.)

Rawls, J. (1971): *A Theory of Justice*. Oxford.: Oxford University Press.

Reiersen, J. (1915): *Skolen i Finnmarken*. Hammerfest: Hagen. (I kommisjon hos bokhandler Hagen.)

Repstad, P. (1993): *Mellom nærhet og distanse: kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rhodes, R.A.W. (1997): *Understanding Governance*. Milton Keynes: Open University Press.

Rundskriv F-12-08: *Kunnskapsløftet – Om fag- og trefordeling for grunnopplæringen, tilbudsstruktur*. Kunnskapsdepartementet: Oslo.

Røiseland, A. og Vabo, S. (2007): "Governance på norsk – Samstyring som empirisk og analytisk fenomen". Artikkelmanus.

Rønning, W. (2004): Tema- og prosjektarbeid – læreres fortolkning og gjennomføring. I Solstad, K.J. og Engen, T.O. (red.): *En likeverdig skole for alle? Om enhet og mangfold i grunnskolen*. Oslo: Univeritetsforlaget, s. 29-59.

Rønning, W. (2005): *Sørsamisk opplæring ved hjemmeskoler. Sluttrapport*. Bodø: Nordlandsforskning. (NF-rapport nr. 1/2005.)

Røvik, K.A. (1998): *Moderne organisasjoner*. Bergen: Fagbokforlaget.

Sámi ealáhus – ja Guorahallanguovddáš – Samisk Nærings- og Utredningscenter (SEG) Stensilutgave (2000): *Ráporta: Iskkdeapmi sámegiela geavaheami birra. Rapport: Undersøkelse om bruken av samisk språk*. Tana.

Samisk institutt (1990): *Samene – en handbok*. Kautokeino: Samisk institutt.

Samordningsnemnda for skoleverket (1948): *Tilråding om samiske skole- og opplysnings spørsmål*. Oslo: KUF.

Sandberg, N. og Aasen, P. (2008): *Det nasjonale styringsnivået. Intensjonar, forventningar og vurderingar*. Delrapport i UiO, NIFu Step evaluering av Kunnskapsløftet. Rapport 42.

Schreiner, A. (1932): *Anthropologische Lokaluntersuchungen in Norwegen, Hellemo*. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademi.

Skoglund Sæter, A.I. (2008): *Modernisering og vitalisering*. Tromsø: Universitetet i Tromsø. (Masteroppgave, Smf.vit. fakultet.)

Skogvang, S.F. (2002): *Samerett: Om samenes rett til en fortid, nåtid og framtid*. Oslo: Universitetsforlaget.

Skogøy, J.E. (1999): Urfolkskonvensjonens betydning for samenes rettigheter til grunn og andre naturressurser. I Eidheim, H. (red.): *Samer og nordmenn*. Oslo: Gyldendal Akademisk, s. 79-96.

Solstad, K.J. (1984): *Ein skole for samfunnet*. Oslo: Cappelens forlag.

Solstad, K.J. (1997): *Equity at Risk*. Oslo: Scandinavian University Press/Universitetsforlaget.

Star, S. L. (1991): Power, technology and the phenomenology of conventions: on being allergic to onion. I Law, J. (red.): *Sociology of Monsters. Essays on power, technology and domination*. London & New York: Routledge.

St.meld. nr. 21 (1962-1963): *Om kulturelle og økonomiske tiltak av særlig interesse for den samiske befolkning*.

St.meld. nr. 28 (1998-1999): *Mot rikare mål*.

St.meld. nr. 32 (1998-1999): *Videregående opplæring*.

St.meld. nr. 30 (2003-2004): *Kultur for læring*.

Stoker, G. (1998): Governance as theory: five propositions. *International Social Science Journal* no 155, s. 17-28.

Sunnanå, O. (1969): *Johannes Steen: politikaren frå 1880-åra*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Sverdrup, S. (2002): *Evaluering. Faser, design og gjennomføring*. Bergen: Fagbokforlaget.

Sørensen, E. og Torfing, J. (2005): *Netværksstyring: fra government til governance*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.

- Sørensen, Ø. (2005): *Historien om det som ikke skjedde*. Oslo: Aschehoug.
- Todal, J. (2004): "Det lappiske Tungemaal til at forstaa" I Solstad, K.J. og Engen, T.V. (red.): *En likeverdige skole for alle? Om enhet og mangfold i grunnskolen*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 220-235.
- Tveit, K. (2004): Skolen i Nord-Noreg på 1700-talet. *Årbok for norsk utdanningshistorie 2004*, 21. årgang, s. 25-63.
- Utdanningsdirektoratet (2004): *Retningslinjer for arbeid med læreplaner for fag*.
- Utdanningsdirektoratet (2007): *Vurdering - Et felles løft for bedre vurderingspraksis- en Veiledning*.
- Utsi, M. B. (2004): *En fortelling om læremidler... Om læremiddelsituasjonen ved L97S-skoler*. I Hirvonen, V. (red) (2004): *Samisk skole i plan og praksis. Hvordan møte utfordringene i L97S? Evaluering av Reform 97*. Karasjok: ČálliidLágáduš-Forfatterne Forlag.
- Verdens Gang, 28.3. 1903.
- Wax, M.L., Wax, R.H. & Dumont, R.V. (1964): *Social Problems. Formal Education in an American Indian Community*. Atlanta: SSSP.
- Wilson, J. (1972): *Philosophy of Educational Research*. Windsor: NFER.
- Øzerk, K. (1996): *På rett vei. Det handler om tospråklig undervisning i Lavangen sentralskole*. Kautokeino: Samisk høgskole.
- Øzerk, Kamil (2006): *Opplæringsteori og læreplanforståelse*. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Aarseth, B. (1994): *Samisk gymnas i samisk miljø og hvordan dette ble til*. I Eriksen, L. (red.): (1994): *Čehppodat Sámiid Várás - Kunnskap og dyktighet. 25 jagi ávvočála - 25 års festskrift 1969-1994, Sámi joatkkaskuvla, Kárášjogas - Samisk videregående skole, Karasjok*. Karasjok: Sámi joatkkaskuvla, Kárášjogas - Samisk videregående skole.